Hyllestad kommune

BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN

2027 – 2030

KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG

INNHALD

INTRODUKSJON 2

FRÅ FRAMSIKT TIL PDF 2

KOMMUNEDIREKTØREN SI INNLEIING 2

SENTRALE KAPITTEL 3

FOLKETALSUTVIKLING 3

ØKONOMISKE MÅLTAL 2027-2030 4

ØKONOMISK UTVIKLING SISTE 4 ÅR 5

SENTRALE INNTEKTER 7

ØKONOMISK UTVIKLING I ØKONOMIPLANPERIODEN 2027 - 2030 9

TILTAKSLISTER 10

FORSKRIFTSSKJEMA 13

KOMMUNEN SINE TENESTEOMRÅDE 17

SENTRALADMINISTRASJONEN 17

OPPVEKST KULTUR OG IDRETT 24

HELSE OG OMSORG 36

SAMFUNNSUTVIKLING OG TEKNISK DRIFT 49

VEDLEGG 67

VEDLEGG 1 - GEBYRLISTE 67

INTRODUKSJON

FRÅ FRAMSIKT TIL PDF

Etter 5 år med Framsikt så har vi no gått tilbake til start og publiserer budsjett og økonomiplan for 2027-2030 i ein god gammaldags pdf. Vi håpar du likevel greier å orientere deg på ein grei måte i dokumentet. Vi har lagt inn lenke «tilbake til innhaldslista» i botnteksten på kvar enkeltside. Det kan også vere eit godt råd å bruke bokmerkepanelet (opne med F4 eller bokmerkeikonet).

KOMMUNEDIREKTØREN SI INNLEIING

I fjor opna eg med eit steg fram og to tilbake, og eg avslutta med referanse til Kjartan Hatløys diktsamling «mot kaos». Den samlinga har ikkje blitt mindre relevant, dessverre. I eit samfunn med sterke krefter som ønskjer eit globalt verdensregime, tenkjer eg at det er fint å vere del av eit lite lokalsamfunn med jordnære innbyggarar. Hatløy brukar det gamle Egypt som ein spegel for vår eiga tid. *Gjennom møtet mellom fjordlandskapet i Hyllestad og det egyptiske kulturuniverset utforskar han korleis menneska kan finne meining, samanheng og ro i møte med død, uro og dei kreftene som trugar med å løyse verda opp i kaos.* Utan å bli for filosofisk så ser eg kor viktig det er å ha eit nært forhold til naturen- og eg trur det er sunt for oss å ta nokre steg tilbake.

Vi blir fortalt at utdanning er viktig, at karriere er nødvendig for å kjenne seg vellukka, og mange vil helst tene godt ved å jobbe lite. Men, kva er det eigentleg som er viktig, og som har vore viktig for menneska i alle år?

Det gler meg stort at fødselstala er betre enn på mange år. Det er ikkje eit problem at vi blir fleire eldre, problemet er at det blir fødd for få born. Høge fødselstal vitnar også om innbyggarar som har tru på ei framtid i Hyllestad. Ein god del har flytta heim att til familie og barndomsvener. Fokuset må vere på kor viktig gode relasjonar og identitet er for oss. Familie og vener må løftast opp som eit heilt grunnleggande fundamentet for oss alle. Vi må tilbake til kjerneverdiane- slik kan vi motverke kaossamfunnet som dei prøver å skape.

Dessverre så er den økonomiske utviklinga meir krevjande enn vi skulle ønske. Etter år med gode ekstrainntekter gjennom havbruksfondet, så har vi lagt oss på eit driftsnivå som er for høgt. Store og viktige investeringar i skule, barnehage, sjukeheim m.m. har ført til at gjeldsgraden også er for høg. Dette må vi gjere noko med, og kommunedirektøren sitt framlegg er prega av nye innsparingar på drift og få nye investeringar.

Til tross for innsparingskrav så skal alle tenestene ha eit sterkt fokus på tenesteutvikling. Ingen kan skjermast for nye krav, eller at oppgåver må løysast på nye måtar. Dette krev både vilje og omstillingsevne. Eg vonar denne økonomiplanen syner ein organisasjon som er klar over utfordringane vi står ovanfor og som syner vilje og evne til å handtere dette på ein god måte.

Eg kunne ønske meg endå tettare koplingar mot samfunnsdelen enn det vi har fått til. Kanskje det viktigaste er at vi føreslår å setje av 600 000 kr. til å stimulere næring og kultur. Slike midlar genererer fort det mangedobbelte gjennom næringsutvikling og frivillig innsats. Godt samarbeid og god samhandling mellom kommunen, næringar og det frivillige er vår berebjelke- det må vi utvikle vidare!

Hyllestad 04.11.2026

Gjermund Flage, Kommunedirektør

FOLKETALSUTVIKLING

Vi ser at folketalet har minka med 114 personar det siste tiåret. Det er størst nedgang blant barn og unge. I 2016 var det totalt 305 innbyggarar under 19 år. I 2025 var det 211. Det er denne endringa som i størst grad forklarar kommunen sin skeive demografi. Nedgangen i talet barn og unge utgjer 31% målt mot 2016. Ser vi på talet eldre frå 67 år og oppover, så var det 314 personar i 2016 og 338 i 2025. Dette er ein auke på 24 personar, eller 7% målt mot tala i 2016. Det er ikkje ein veldig stor auke i talet eldre, **men heller ein veldig stor nedgang i talet barn og unge.**


	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025
0 - åringer	7	11	9	11	7	4	8	4	10	9
Barnehage (1-5 år)	52	61	53	60	55	49	41	42	39	39
Grunnskole (6-15 år)	161	150	135	129	114	117	112	111	113	110
Videregående (16-19 år)	85	102	94	91	81	68	70	60	49	53
Voksne (20-66 år)	776	792	758	750	747	727	719	718	721	734
Eldre (67-79 år)	231	232	238	236	232	232	236	228	225	221
Eldre (80-89 år)	61	68	70	69	72	85	92	92	99	103
Eldre (90 år og eldre)	22	22	21	20	20	12	12	13	12	12
Total	1 395	1 438	1 378	1 366	1 328	1 294	1 290	1 268	1 268	1 281

Folketalsutvikling får mykje merksemd og det er eit stort fokus på at vi blir fleire eldre. Kvifor er det då så lite fokus på at fødselstala må opp, og at det i større grad må leggast til rette for at så kan skje? Kommunen er avhengig av å ha innbyggarar i «produktiv» alder og det må vere mogeleg for dei å prioritere å vere småbarnsforeldre.

Kva så med utsiktene framover? Når vi ser vi på SSB sine prognosar for folketalsutvikling i Hyllestad ved middels nasjonal vekst så får vi dette resultatet:

	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033	2034	2035
0 - åringer	6	9	9	10	10	10	10	10	10	10
Barnehage (1-5 år)	42	42	49	53	53	50	52	52	52	51
Grunnskole (6-15 år)	114	112	112	118	120	119	111	111	112	110
Videregående (16-19 år)	38	38	41	38	40	48	55	55	56	54
Voksne (20-66 år)	737	718	707	700	707	711	706	696	689	698
Eldre (67-79 år)	212	218	222	223	211	199	205	215	218	217
Eldre (80-89 år)	110	114	117	116	116	119	122	119	123	123
Eldre (90 år og eldre)	16	27	24	25	28	31	27	31	30	29
Total	1 275	1 278	1 281	1 283	1 285	1 287	1 288	1 289	1 290	1 292

Tabellen syner at det er akkurat 200 innbyggarar under 19 år i 2026 og 225 i 2035. Dersom prognosen slår til så vil kommunen ha ein auke på 25 personar, eller 12,5%. Ser vi på eldre over 67 år, så er det 338 innbyggarar i 2026 og 369 i 2035. Dette er ein auke på 31 personar, eller 9,2%. Innbyggartalet totalt skal stige med 17 personar, eller 1,3%. Berkraftsbrøken (personar i yrkesaktiv alder 20-66 år delt med innbyggarar over 67 år) endrar seg frå 2,18 i 2026 til 1,89 i 2035.



Figuren ovanfor syner at nedgangen er størst i aldersgruppene 0-19 år og 30-49 år.

Du finn meir om folketalsutviklinga kunnskapsgrunnlaget til kommunen sin samfunnsplan for 2026 – 2036.

Oppsummert kan vi sei at folketalsutviklinga har vore negativ det siste tiåret, men at vi ser ei stabilisering frå 2022/2023 og SSB sin prognose ved middels vekst syner ein liten auke fram mot 2035.

ØKONOMISKE MÅLTAL 2027-2030

Økonomiske måltal for økonomiplanperioden 2027-2030 vart fastsett i kommunestyret i sak 26/029. I utgangspunktet la kommunedirektøren fram forslag om at måltala skulle vere samanfallande med nasjonale føringar, men formannskapet ønskte å vedta meir realistiske måltal. Følgjande vart vedteke:

1 Drift:

Kommunen skal i økonomiplanperioden ha eit netto driftsresultat på minimum ***0,5% av brutto driftsinntekter.*** *På lang sikt er målet 2,0 %. Resultatet skal sikre finansiering av avdrag, bidra til eigenfinansiering av investeringar og byggje økonomiske bufferar.*

2 Disposisjonsfond:

Kommunen skal byggje opp og halde eit disposisjonsfond på minimum ***8% av brutto driftsinntekter****. I økonomiplanperioden skal fondet byggast, ikkje svekkast. Disposisjonsfondet skal primært nyttast til å handtere mellombelse svingingar, uventa hendingar og omstillingsbehov, og ikkje til varig finansiering av drift.*

3 Gjeld:


Kommunen skal ha eit langsiktig berekraftig gjeldsnivå. Netto lånegjeld bør over tid ikkje overstige 75% av brutto driftsinntekter. Dersom gjeldsgraden ligg over dette nivået, skal økonomisk planlegging byggje på skjerpa krav til netto driftsresultat, fondsnivå og risikovurderingar. Det vil ta mange år før kommunen har kome ned på måltalet. For økonomiplanperioden er det mål om at gjeldsgraden ikkje skal overstige ***112 %*** *(gjennomsnitt to første år). Ved slutten av økonomiplanperioden skal gjeldsgraden ikkje overstige* ***106 %*** *(gjennomsnitt 2 siste år).*

I vurderinga av kommunen sin gjeld og utrekning av gjeldsgrad vart det brukt **sum driftsinntekter**, men det viser seg at SSB brukar **sum driftsinntekter + konserninntekter**. Dette vert då kommunen sine brutto driftsinntekter som gjeldsgra-

den vert rekna frå. Det betyr at kommunen får litt betre tal enn det som vart lagt fram for politisk handsaming før sommaren.

ØKONOMISK UTVIKLING SISTE 4 ÅR


Diagrammet syner eit negativt resultat på ca. -0,5 % i gjennomsnitt per år. Det utgjer vel 2 millionar årleg, og har ført til at disposisjonsfondet har blitt svekka med vel 8 millionar i perioden. Utviklinga i fondet ser slik ut målt i prosent av brutto driftsinntekter:



	2022	2023	2024	2025
Hyllestad	**2,3 %**	**-2,8 %**	**2,6 %**	**-4,2 %**
Kostragruppe 14	2,4 %	2,3 %	1,2 %	1,6 %

Fondet ligg framleis over 8% og er såleis innanfor den fastsette handlingsregelen, men dersom det negative resultatet held fram med 0,5% årleg, så vil kommunen vere under handlingsregelen i slutten av økonomiplanperioden og fondet vil gå tomt nokre år seinare.

Kommunen si negative økonomiske utvikling kjem til tross for at dei frie inntektene har auka jamt dei siste åra. I perioden 2023-2025 har ein også motteke store summar i integreringsmidlar. Dette er midlar som har gått rett inn i drifta. Generelt så burde det vore sett av vesentlege summar for å demme opp for langsiktige kostnader knytt til integrering.




	2022	2023	2024	2025
Hyllestad	18,1 %	15,5 %	15,4 %	11,3 %
Kostragruppe 14	19,5 %	18,4 %	17,4 %	17,7 %




Integreringsmidlar blir ikkje rekna som frie inntekter og forklarer derfor ikkje veksten i frie inntekter. Men auke i folketalet gir meir i rammeoverføringar, så busetting har bidratt til at denne faktoren har slått positivt ut for Hyllestad. Dei andre faktorane er ein generell vekst i frie inntekter til kommunesektoren, auke i skatteinntekter, inntektsutjamning og endringar i inntektssystemet som har slått positivt ut for mindre kommunar.

Frie inntekter i kroner per innbygger (B)



	2022	2023	2024	2025
Hyllestad	91 681	92 848	96 205	106 220
Kostragruppe 14	88 761	88 771	93 404	101 881

Inntektene har stige dei siste åra, men det same har også gjelda gjort. Gjeldsgrad blir målt i prosent av brutto driftsinntekter. Ettersom inntektene har utvikla seg positivt så har gjeldsgraden også gjort det, til tross for relativt store investeringar og nye låneopptak. Busetting av flyktningar har åleine ført til at brutto driftsinntekter har vore langt høgare enn dei normalt skulle ha vore. Vi ser dette tydeleg i 2024 og endå tydlegare i 2025.



År	Brutto driftsinntekter	Netto lånegjeld	Gjeldsgrad (%)
2022	194 847	189 106	97,1
2023	202 545	189 194	93,4
2024	235 282	203 577	86,5
2025	235 520	215 474	91,5

Kostrasamanlikninga syner at Hyllestad ligg vesentleg høgare enn kostragruppe 14 i gjeldsgrad. Snittet for gruppa er rundt 76% i 2025. Kommunen er såleis meir utsett for rentesvingingar og har generelt høgare årlege kapitalkostnader enn kommunane vi samanliknar oss med. Busetting av flyktningar har gitt høge brutto driftsinntekter dei siste åra. Går inntektene ned, så vil gjeldsgraden stige til tross for moderate låneopptak.

SENTRALE INNTEKTER

Sentrale inntekter	**Rekneskap**	**Opphav. bud.**	**Rev. budsjett**	**Økonomiplan**			
Jfr. løyvingsskjema § 5-6	**2025**	**2026**	**2026**	**2027**	**2028**	**2029**	**2030**
Rammetilskot	-81 632	-82 681	-82 681	-90 664	-90 664	-90 664	-90 664
Inntekts og formuesskatt	-53 799	-55 192	-55 192	-58 969	-58 969	-58 969	-58 969
Eigedomsskatt	-4 769	-4 799	-4 799	-4 822	-4 822	-4 822	-4 822
Andre skatteinntekter (konsesjon)	-84	-80	-80	-80	-80	-80	-80
Andre statstilskot (integrering)	-21 609	-11 212	-14 202	-8 241	-4 402	-1662	-748
Havbruksfond	-6 309	-28 800	-18 800	-8 100	-22 400	-9 400	-29 300
Overføringar og tilskot frå andre	-33 594	-16 109	-16 109	-16 795	-16 795	-16 795	-16 795

Brukarbetalingar	-6 861	-6 303	-6 303	-6 303	-6 303	-6 303	-6 303
Sals og leigeinntekter	-17 556	-16 959	-16 959	-16 959	-16 959	-16 959	-16 959
Totale driftsinntekter	**-226 213**	**-222 135**	**-215 125**	**-210 933**	**-221 394**	**-205 654**	**-224 640**
Konserninntekter?	-9 307	-9 307	-9 307	-9 307	-9 307	-9 307	-9 307
Brutto driftsinntekter	**-235 520**	**-231 442**	**-224 432**	**-220 240**	**-230 701**	**-214 961**	**-233 947**

Rammetilskot og skatt er berekna til totalt **149 633 000 kr.** for 2027.

Innbyggjartilskotet blir først fordelt med eit likt beløp per innbyggjar. Dette beløpet er 36 443 kroner i 2027. For Hyllestad kommune utgjer dette: 36 443 kroner × 1 270 innbyggjarar = **46 283 007 kr.**

Så har vi utgiftsutjamninga som ser på kommunen sitt behov innanfor ei rekke område. Dersom kostnadsbehovet er over landsgjennomsnittet (uttrykt ved talet 1, eller 100%) så får kommunen eit tillegg. Er behovet under 1 så blir ein trekt. Hyllestad sin gjennomsnittlege behovsindeks for 2027 er berekna til 1,342. Det betyr at det er 34,2% dyrare å drive Hyllestad kommune, enn gjennomsnitt for landet. I gjennomsnitt så kostar det 79 421 kr. per innbyggar i landet. For Hyllestad blir kostnaden 106 582 kr. som så blir multiplisert med tal innbyggarar. Vi endar då opp med eit utjamningstillegg på **34 494 366 kr.**

I tillegg innbyggjartilskot og utgiftsutjamning, så får Hyllestad tildelingar slik:


Korreksjonsordninga for elevar i statlege og private skular med kr. **1 338 993.** Tilskot etter særskilt fordeling med **kr. 1 317 000**. Inntektsgarantiordninga, her blir vi trekt -68 339 kr. fordi vi har så god vekst i frie inntekter at vi ikkje får midlar gjennom garantiordninga. Derimot så er alle kommunar med å finansiere ordninga og dette utgjer **- 68 339 kr.** for Hyllestad i 2027.

Til slutt så er det distriktstilskotet som gir oss **7 299 000 kr.**

Du kan lese meir om kriteria for distriktstilskotet om meir detaljar om dei andre ordningane på regjeringa sine sider og om anslaget av inntekts- og formueskatten.

Oppsummert så har Hyllestad kome godt ut i 2027. Veksten i inntekter på ramme og skatt utgjer 7% noko som gjorde kommunen til budsjettvinnar i Vestland fylke. Gjennomsnitt for landet er 4,6% så kommunen har fått berekna sine inntekter til 2,4% meir enn gjennomsnitt. Det utgjer ca. 3,3 millionar.

Diagrammet syner brutto driftsinntekter vs. kommunen si samla gjeld. Litt enkelt kan vi sei at jo større avstand det er mellom grafane jo betre er det. Den kommunaløkonomiske berekraftsmodellen peikar på samanhengen mellom gjeldsnivå, driftsnivå og kommunen sitt disposisjonsfond.



Det seier seg i grunn sjølv, at dersom ein brukar meir enn det ein tener så er ein avhengig av å ha pengar i banken.

Sjølvkostområde - VA

Gjeldsgrafen kan endre seg noko, avhengig av kva ein vedtek å legge inn av nye investeringar på sjølvkostområde. I utgangspunktet er kommunedirektøren innstilt på at kommunen skal følgje handlingsplanen i vedteken hovudplan for VA, men vi ser at nokre prosjekt er forsinka og at det kan ta lenger tid å få gjennomført tiltaka enn det framdriftsplanen tilseier. Eit anna moment er at gjennomføring av av handlingsplanen påverkar kommunen sin gjeldsgrad, og det bør derfor diskuterast grundigare kva som er fornuftig å gjere.

Brannstasjon

I desembermøte vil kommunestyre få presentert mogelege løysingar for brannstasjon og base til drift og vedlikehald. Forprosjektet har utarbeidd to gode løysingar, der alternativ 1 er ombygging av eksisterande brannstasjon og det andre er ny brannstasjon. Begge alternativa skal løyse behova både til DV og brann på ein god og framtidsretta måte. Uavhengig av kva løysing ein vel å gå for, så vil investeringskostnadane vere så høge at kommunedirektøren ikkje ser det som mogeleg å legge dei inn i framlegget til økonomiplan for 2027-2030. Dersom ein lykkast med å ta ned drifta ytterlegare, og få redusert kommunen sin gjeldsgrad, vil det kunne vere mogeleg å legge inn eit slikt stort tiltak i 2031 eller 2032.

Nedgang i havbruksinntekter

Hyllestad har nytt godt av gode havbruksinntekter sidan 2018, og har etter kvart blitt heilt avhengig av desse inntektene. I vedteken økonomiplan for 2026-2029 blei det lagt inn forventa havbruksinntekter med totalt 80 millionar. Etter at fleire område blei værande på raudt, så har estimerte inntekter blitt redusert til 58,7 millionar. Dette er ein nedgang på 21,3 mill. som skapar ein utfordrande økonomisk situasjon, til tross for at det framleis ligg inne nesten 60 millionar i forventa inntekt.


Nye innsparingskrav frå kommunedirektøren

Nedgangen i havbruksinntekter førte til at kommunedirektøren påla sektorane å spare inn ytterlegare på drifta. Det vart sett eit innsparingskrav på 2-2,5 % på rammene rekna frå 2026 nivået. Dette har tenestene levert på og innsparinga er utgjer 3,38 millionar. I realiteten er den større, då det har kome til nye oppgåver som også er dekka inn gjennom rammene som vart satt.

Løyvingsoversikt drift etter	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
§ 5-4 andre ledd	2025	2026	2027	2028	2029	2030
Sentraladministrasjon	22 957 090,60	21 570 658	22 107 000	22 107 000	22 107 000	22 107 000
Oppvekst og kultur	38 390 449,60	45 660 266	44 445 000	44 445 000	44 445 000	44 445 000
Helse og omsorg	86 752 296,96	79 423 778	80 681 000	80 681 000	80 681 000	80 681 000
Samfunnsutvikling og tekniske tenester	11 346 464,33	10 951 933	12 700 000	12 700 000	12 700 000	12 700 000
Finansielle føremål	3 178 838,18	-579 796	-240 683	-240 683	-240 683	-240 683
Sum løyvingar drift, netto	162 625 139,67	157 026 839	159 692 317	159 692 317	159 692 317	159 692 317

Ved konsolidering i rekneskapsprogrammet Visma viste det seg at det låg inne feil i formlar for arbeidsgjevaravgift og pensjon i systemet. Dette førte til at ein var nøydd til å auke ramma etter at detaljbudsjettet var lagt for at budsjett for 2027 skulle kome i balanse. Den reelle innsparinga vart dermed redusert frå 3,38 millionar til ca. 2,17 millionar (justert for deflator).

Disposisjonsfondet



Utviklinga av disposisjonsfondet er avhengig av at havbruksinntektene blir om lag slik som det siste estimatet tilseier. Kontali sitt estimat tilseier 69,2 millionar i inntekter til Hyllestad i perioden 2027-2030. Med det driftsnivået som er lagt inn i økonomiplanen så vil ein greie å snu trenden og byrje å bygge fondet. Men det er med liten margin, og kommunen er sårbar for uføresette kostnader. På ei anna side så syner Kostra at vi har potensiale til å ta ned drifta ganske mykje meir.

TILTAKSLISTER

Drift:

Driftstiltak (nye tiltak) som er med i framlegget til økonomiplan:		Sum totalt	Økonomiplan			
Sektor	**Skildring av tiltaket**		**2027**	**2028**	**2029**	**2030**
Sentraladministrasjonen	Kommunevalg	70	35	-	35	-
	Pcar/utstyr folkevalde	100	100			
	Pensjon ordførar frå neste valbolk	192	48	48	48	48
Oppvekst og kultur	Driftsprosjekt Sommargry	200	50	50	50	50
	Driftsprosjekt Norvald Tveit	200	50	50	50	50
	logoped, barnehage	160	40	40	40	40
	100 % fagarbeidar, jan - juli, barnehage	340	340			
	Klesgodtgjersle (bhg og skule)	184	46	46	46	46
Helse og omsorg	Driftsprosjekt: innføring av nytt journalsystem (EPJ) i omsorg	550	550	-	-	-
	Auka teneste i miljøtenesta	3 600	900	900	900	900
	Service etac/takheisar på institusjon	30	30			
	Institusjon, service ventilasjonsanlegg	100	100			
	Auka kjøp av jordmorteneste frå 10 til 20%	600	150	150	150	150
Samfunnsutv. og tekn. drift	Auka lisenskostnad KOMTEK	240	60	60	60	60
	Reduserte inntekter byggesak	200	50	50	50	50
	Reduserte inntekter oppmåling	640	160	160	160	160
	Leasing av ny traktor med krattknusar	320	80	80	80	80
	Vedlikehald kommunale vegar	150	150			
	Vedlikehald grøntareal	25	25			
	Vedlikehald bygg/areal Kvernsteinsparken	20	20			
Sum kostnader		**7 921**	**2 984**	**1 634**	**1 669**	**1 634**

Driftstiltak som er tatt ut av framlegget til økonomiplan:		Sum totalt	Økonomiplan			
Sektor	Skildring av tiltaket		**2027**	**2028**	**2029**	**2030**
Sentraladministrasjonen	Framsikt	-800	-200	-200	-200	-200
	Sommarjobb til ungdom	-1 000	-250	-250	-250	-250
	Kyrkja, mindre enn det soknet ber om	-1 560	-390	-390	-390	-390
	Økonomisjef	-3 200	-800	-800	-800	-800
Oppvekst og kultur	Driftstilskot Norsk Kvernsteinssenter	-50	-50			
	Norskopplæring, læremiddel, utstyr, leige	-414	-414			
	Kulturskulen, 5% reduksjon	-188	-47	-47	-47	-47

	Kommunalt tilskot spelemidlar	-1 700	-200	-500	-500	-500
	Leasing av skjermar, barnehage	-110	-20	-30	-30	-30
	Red. stilling 20% kultur	-180	-180			
	Skulelunsj	-1 400	-350	-350	-350	-350
	Pcar - klassesett	-283	-70	-90	-72	-51
	Pedagogstilling skule, 100% frå august 27	-2 716	-309	-771	-802	-834
	Barnehagelunsj	-1 340	-335	-335	-335	-335
Helse og omsorg	Avslutta avtalet leasing biler ansvar 320 og 340	-480	-120	-120	-120	-120
	Psyk.helse/rus, tilskot prosjekt (lønn 20%)	-268	-268			
	Vaskeri, reduksjon 60% stilling	-1 160	-290	-290	-290	-290
	Institusjonen, red. kjøp frå kulturskulen	-216	-54	-54	-54	-54
	Omsorg, bemanning (ny turnus, red. br. overtid og vikarbyrå)	-8 000	-2 000	-2 000	-2 000	-2 000
	Forpleining, innsparing, ny innkjøpsavtale, mm	-336	-336			
	Flyktningtenesta, reduksjon 100 % stilling	-3 200	-800	-800	-800	-800
	Fysio. lønnstilskot	-56	-14	-14	-14	-14
	NAV, prognose nedgang sosiale utgifter	-965	-965			
	Avslutte avtale om henting post 320 og 370	-260	-65	-65	-65	-65
	Institusjon, red. tal oksygenflasker	-68	-17	-17	-17	-17
	Auke sats på dagsenter frå 0 til kr 70 kr/dag	-268	-67	-67	-67	-67
	Refusjon Multidosebrukere	-80	-20	-20	-20	-20
Samfunnsutv. og tekn. drift	Kutte vakant stilling (fagleiar byggesak og oppmåling)	-3 560	-890	-890	-890	-890
	Kurs og opplæring (ansvar 660)	-140	-35	-35	-35	-35
Sum kostnader		**-33 998**	**-9 556**	**-8 135**	**-8 148**	**-8 159**

Investering:

Investeringsprosjekt som er med i framlegget til økonomiplan		**Status**	**Sum**	**Økonomiplan**			
Sektor	**Prosjektskildring**		**totalt**	**2027**	**2028**	**2029**	**2030**
Sentraladministrasjonen	IKT	Nytt	800	200	200	200	200
	Brannstasjon	Nytt	-	-	-	-	-
	KLP eigenkapitalinnskot	Løpande	2 400	600	600	600	600
Oppvekst og kultur	Gjerde ved skulen	Nytt	366	366			
Helse og omsorg	Senger til institusjonen	Tidl vedteke	150	150			
Samfunnsutv. og tekn. drift	Vatn og avløp - Sjølvkost	Tidl vedteke	8 465	3 835	3 920	710	-
	DV - oppgradering verkstad/lager	Nytt	-				-

Sum løyvingar		**12 181**	**5 151**	**4 720**	**1 510**	**800**

Investeringsprosjekt (tidlegare vedtatt) som er tatt ut av framlegget:		**Status**	**Sum totalt**	**Økonomiplan**			
Sektor	**Prosjektskildring**			**2027**	**2028**	**2029**	**2030**
Oppvekst og kultur	Utgreiing opplæringsbasseng	Tidl vedteke	200		200		
Sum løyvingar			**200**	**-**	**200**	**-**	**-**

Investeringsprosjekt som er ønska, men som ikkje er med:		**Status**	**Sum totalt**	**Økonomiplan**			
Sektor	**Prosjektskildring**			**2027**	**2028**	**2029**	**2030**
Oppvekst og kultur	Gjerde ved elv - Hyllestad skule	Nytt	366	366			
	Soveromskapasitet Hyllestad barnehage	Nytt	-				
Helse og omsorg	Nødvendig oppgradering Bøkly	Nytt	-				
	Måseproblematikk omsorgssenteret	2025	175	175			
Samfunnsutv. og tekn. drift	Antenne - mobildekning Sørbøvåg	2025	1 250	1 250			
	Robotplenklippar	2025	265	265			
	Vegplan - Asfaltering/CarbonCrusher	Nytt	7 400	3 700	3 700		
	Vegplan - rekkverk kommunale vegar	2025	575		575		
	Vegplan - gatelys Myklebustfeltet	2025	863	863			
	Vegplan - gatelys Nesvegen	Nytt	2 875			2 875	
	Sjølvkost - 2129 Krisevassforsyning Sørbøvåg	Nytt	432		432		
Sum løyvingar			**14 201**	**6 619**	**4 707**	**2 875**	**-**

Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 første ledd	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2025	2026	2027	2028	2029	2030
Rammetilskot	-81 631 756	-82 681 000	-90 664 000	-90 664 000	-90 664 000	-90 664 000
Inntekt- og formuesskatt	-53 798 925	-55 192 000	-58 969 000	-58 969 000	-58 969 000	-58 969 000
Eigedomsskatt	-4 769 084	-4 799 020	-4 822 000	-4 822 000	-4 822 000	-4 822 000
Andre generelle driftsinntekter	-25 855 609	-40 012 000	-16 421 000	-30 721 000	-17 721 000	-37 621 000
Sum generelle driftsinntekter	-166 055 374	-182 684 020	-170 876 000	-185 176 000	-172 176 000	-192 076 000
Korrigert sum løyvingar drift, netto	164 278 162	157 591 955	159 775 943	159 775 943	159 775 943	159 775 943
Avskrivingar	13 025 575	13 300 000	14 920 000	14 920 000	14 920 000	14 920 000
Sum netto driftsutgifter	177 303 737	170 891 955	174 695 943	174 695 943	174 695 943	174 695 943
Brutto driftsresultat	11 248 363	-11 792 065	3 819 943	-10 480 057	2 519 943	-17 380 057
Renteinntekter	-1 482 938	-1 000 000	-1 300 000	-1 300 000	-1 300 000	-1 300 000
Utbytte	-5 943 604	-5 500 000	-7 500 000	-7 500 000	-7 500 000	-7 500 000
Gevinstar og tap på finansielle omløpsmiddel	-	-	-	-	-	-
Renteutgifter	10 341 286	9 001 000	11 780 000	11 780 000	11 780 000	11 780 000
Avdrag på lån	8 888 865	9 700 000	10 600 000	10 600 000	10 600 000	10 600 000
Netto finansutgifter	11 803 609	12 201 000	13 580 000	13 580 000	13 580 000	13 580 000
Motpost avskrivingar	-13 025 575	-13 300 000	-14 920 000	-14 920 000	-14 920 000	-14 920 000
Netto driftsresultat	10 026 397	-12 891 065	2 479 943	-11 820 057	1 179 943	-18 720 057
Disponering eller dekning av netto driftsresultat:	600 000	600 000	600 000	600 000	600 000	600 000
Overføring til investering	2 349 995	434 884	360 590	360 590	360 590	360 590
Avsetningar til bundne driftsfond	-4 210 344	-941 000	-1 014 216	-1 014 216	-1 014 216	-1 014 216
Bruk av bundne driftsfond	316 332		-	-	-	-
Avsetningar til disposisjonsfond		12 797 181	-	11 873 683	-	18 773 683
Bruk av disposisjonsfond	-9 082 380	-	-2 426 317		-1 126 317	-
Dekning av tidlegare års meirforbruk i driftsrekneskapen						
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	**-10 026 397**	**12 891 065**	**-2 479 943**	**11 820 057**	**-1 179 943**	**18 720 057**
Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk)	-	-	-	-	-	-

Skjemaet syner opphavleg budsjett i 2026, ikkje revidert. Andre generelle driftsinntekter er oppdatert med nye estimat for havbruksinntekter i økonomiplanperioden. Alle andre postar er vidareføring av 2027 nivå.

Løyvingsoversikt drift etter	Rekneskap	Rev budsj	Økonomiplan			
§ 5-4 andre ledd	2025	2026	2027	2028	2029	2030
Sentraladministrasjon	22 957 090,60	21 570 658	22 107 000	22 107 000	22 107 000	22 107 000
Oppvekst og kultur	38 390 449,60	45 660 266	44 445 000	44 445 000	44 445 000	44 445 000
Helse og omsorg	86 752 296,96	79 423 778	80 681 000	80 681 000	80 681 000	80 681 000
Samfunnsutvikling og tekniske tenester	11 346 464,33	10 951 933	12 700 000	12 700 000	12 700 000	12 700 000
Finansielle føremål	3 178 838,18	-579 796	-240 683	-240 683	-240 683	-240 683
Sum løyvingar drift, netto	162 625 139,67	157 026 839	159 692 317	159 692 317	159 692 317	159 692 317
Av dette:						
Avskrivingar	0	0	0	0	0	0
Konsesjonskraft			-650 000	-650 000	-650 000	-650 000
Netto renteutgifter og inntekter	-1 029,04	-1 000				
Avsetning til bundne driftsfond	-2 242 018,52	-374 884	-280 590	-280 590	-280 590	-280 590
Bruk av bundne driftsfond	3 896 712,30	941 000	1 014 216	1 014 216	1 014 216	1 014 216
Korrigert sum løyvingar drift, netto	164 278 162,44	157 591 955	159 775 943	159 775 943	159 775 943	159 775 943

Bevilgningsoversikt - invest. (budsjett)	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
etter § 5-5 første ledd	2025	2026	2027	2028	2029	2030
1 Investeringer i varige driftsmidler	27856	10818	4551	4120	910	30200
2 Tilskudd til andres investeringer	0	0	0	0	0	0
3 Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	546	600	600	600	600	600
4 Utlån av egne midler	0	0	0	0	0	0
5 Avdrag på lån	0	0	0	0	0	0
6 Sum investeringsutgifter	**28401**	**11418**	**5151**	**4720**	**1510**	**30800**
7 Kompensasjon for merverdiavgift	5335	1265	143	40	40	6040
8 Tilskudd fra andre	417	0	0	0	0	0
9 Salg av varige driftsmidler	13	0	0	0	0	0
10 Salg av finansielle anleggsmidler	0	0	0	0	0	0
11 Utdeling fra selskaper	0	0	0	0	0	0
12 Mottatte avdrag på utlån av egne midler	0	0	0	0	0	0
13 Bruk av lån	15119	9553	4408	4080	870	24160
14 Sum investeringsinntekter	**20885**	**10818**	**4551**	**4120**	**910**	**30200**
15 Videreutlån	0	0	0	0	0	0
16 Bruk av lån til videreutlån	0	0	0	0	0	0
17 Avdrag på lån til videreutlån	176	0	0	0	0	0
18 Mottatte avdrag på videreutlån	205	0	0	0	0	0
19 Netto utgifter videreutlån	-29	0	0	0	0	0
20 Overføring fra drift	-600	-600	-600	-600	-600	-600
21 Avsetninger til bundne investeringsfond	29	0	0	0	0	0
22 Bruk av bundne investeringsfond	0	0	0	0	0	0
23 Avsetninger til ubundet investeringsfond	0	0	0	0	0	0
24 Bruk av ubundet investeringsfond	-2	0	0	0	0	0
25 Dekning av tidligere års udekket beløp	0	0	0	0	0	0
26 Sum overføring fra drift og netto avsetninger	**-573**	**-600**	**-600**	**-600**	**-600**	**-600**
27 Fremført til inndekning i senere år	**6915**	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**

Løyvingskjema § 5-5 andre ledd	Rekneskap 2025	Rev budsj 2026	Økonomiplan 2027	2028	2029	2030
Andre investeringar:						
IKT	402 822		200 000	200 000	200 000	200 000
Oppgradere vassrør Eiklund	67 500			0	0	0
Rehab kommunehus	65 964			0	0	0
Digital fornying skule - ny læreplan	197 680			0	0	0
Hyllestad Skule - Påkostning	244 605			0	0	0
Hyllestad Barnehage - Påkostning	2 898 565			0	0	0
Læremiddel	160 700			0	0	0
Utgreiing av opplæringsbasseng	0				0	0
Oppgradering av bygg i Kvernsteinsparken	314 821			0	0	0
Nybygg Hyllestad skule 2023	845 343			0	0	0
Parkeingsplass - Lekva	2 137 731			0	0	0
Kontor i Kvernsteinsparken	6 576 433			0	0	0
Turveg/gangveg - Svartedalen	34 944			0	0	0
Kommunehus - Prosjekt frå 2024	9 918 308			0	0	0
Tankbil - Brannvern	2 053 750	5 925 000		0	0	0
Arkivskap - Omsorg	104 175			0	0	0
Ventilasjon på institusjonsbygg	218 688			0	0	0
Oppgradering av servicebustad	568 429			0	0	0
Kjøp av bilar - DV	297 738			0	0	0
GPS - Landmåling	215 656			0	0	0
Senger - Institusjon	189 691	200 000	150 000	0	0	0
Tak Eiklund	29 490	215 000		0	0	0
Nytt/ rehabilitering av gjerde langs elv	0	200 000		0	0	0
Brannteknisk oppgradering i barnehagen	0	488 000		0	0	0
Gjerde barnehagen - inkl.mva	0	360 000		0	0	0
Nødlys og brannvarsling skule inkl.mva	0	770 000		0	0	0
Tørketrommel omsorgssenteret	0	125 000		0	0	0
Sjølvkost:						
Nytt membrananlegg på Tveit vassverk	0	0		0	0	0
Vatn og avløp - Sjølvkost (2115)	277 412	2 335 000	3 835 000	3 920 000	710 000	0
Høgdebasseng Hyllestad - reparasjon av tak	0	200 000		0	0	0
Nye i 2027:						
KLP eingekapitaltilskot(finansierast via drift)			600 000	600 000	600 000	600 000
Brannstasjon						0
Gjerde ved skulen Nytt			366 000			
DV - oppradering verkstad/lager						0
Totalt sum løyvingar			**5 151 000**	**4 720 000**	**1 510 000**	**800 000**
Sum andre investeringar			**5 151 000**	**4 720 000**	**1 510 000**	**800 000**

Utgreiing opplæringsbasseng blir føreslått tatt ut. Summane for sjølvkostprosjekta på vatn og avløp er usikre, og brann-stasjon/DV er ikkje lagt inn i planen.

SENTRALADMINISTRASJONEN

Visjon og verdiar

Visjon frå samfunnsdelen: Attraktiv, framtidsretta og omstillingsdyktig.

Sentraladministrasjonen skal vere ein pådrivar for heilskapleg styring, god tenesteutvikling og berekraftig samfunnsutvikling. Vi skal støtte opp internt i organisasjonen slik at vi saman som kommune kan levere gode tenester til innbyggjarane og dei tilsette.

Visjon for brannvernet: Trygt og godt lokalsamfunn for alle.


Nosituasjon og KOSTRAanalyse - Sentraladministrasjonen

Kommunen står framfor ein økonomiperiode med sannsynlegvis strammare økonomiske rammer og demografiske utfordringar, vi har over mange år drifta kommunen frå «sparekonto = disposisjonsfondet». Samstundes vert krava til digitalisering, informasjonssikkerheit, personvern, beredskap og dokumentasjon stadig større. Samfunnsdelen peikar på behovet for økonomisk omstilling, effektiv ressursbruk og styrka samfunnssikkerheit som utfordringar dei komande åra.

Sentraladministrasjonen har dei siste åra arbeidd med å effektivisere arbeidsprosessar og vidareutvikle digitale løysingar. Dette arbeidet må halde fram for å frigjere ressursar til tenesteproduksjon og sikre at kommunen kan møte framtidige krav innan økonomi, personalforvaltning, arkiv, personvern og politisk styring. Å vere effektive og å bruke KI ser vi som viktig støtte med tanke på at vi er få tilsette som skal løyse mange ulike oppgåver, god backup og intern dialog/kunnskapsoverføring er difor eit prioritert satsingsområde.

Utviklingstrekka nasjonalt og lokalt krev at kommunen arbeider meir på tvers av sektorane, tek ut gevinstar av digitalisering og styrkar evna til omstilling.


Mengda innsynskrav, tilsyn, revisjonar, forvaltningsrevisjonar og oppfølging av internkontroll har auka dei siste åra. Dette stiller større krav til dokumentasjon, kvalitetssikring og systematisk oppfølging, og krev at sentraladministrasjonen prioriterer utvikling av gode rutinar, digitale arbeidsprosessar og nødvendig kompetanse.



Hyllestad sine kostnader til kontroll og revisjon ligg ein del høgare enn KOSTRA-gruppe 14

Arbeidet med bustadplan og bustadsosial handlingsplan er ei prioritert oppgåve som vil fortsette inn i 2027. Sjølv om kommunen i dag nyttar relativt avgrensa ressursar på eigedomsforvaltning samanlikna med kommunar i same KOSTRA-gruppe, vil framtidige bustadutfordringar krevje betre koordinering og større innsats. Gjennom tverrsektoriell samhandling skal kommunen utvikle eit meir målretta og heilskapleg arbeid på bustadområdet, der dei konkrete tiltaka vert forankra i planarbeidet.

Den relativt låge ressursbruken syner att i standarden på dei kommunale husværa, som med fordel kunne vore betre.



Beredskap er ein stadig viktigare del av kommunen sitt samfunnsoppdrag. Eit meir samansett risiko- og trusselbilete, klimaendringar og den geopolitiske situasjonen stiller større krav til kommunen si evne til å førebygge, handtere hendingar og oppretthalde kritiske tenester. Målet er ikkje å skape uro, men å vere førebudd!

Hyllestad kommune må difor halde fram med å styrke planverk, kompetanse, øving og samarbeid med andre beredskapsaktørar. God beredskap handlar om å bygge eit robust lokalsamfunn som er best mogleg rusta til å møte både kjende og uventa hendingar.


Arbeidet med overordna ROS er i full gang, og dette er planlagt ferdigstilt i løpet av 2027. Dette arbeidet vil vere eit viktig grunnlag for det vidare arbeidet med samfunnsikkerheit og beredskap i kommunen. Vidare vil det vere eit grunnlag for å synleggjere kva hendingar vi kan handtere sjølve, og kva hendingar vi treng å styrke samarbeidet med eksterne.

Nosituasjon og KOSTRAanalyse – Brannvernet

Brann- og redningstenesta skal bidra til eit trygt samfunn gjennom førebyggjande arbeid og ein forsvarleg operativ beredskap. Tenesta må vere dimensjonert og organisert slik at vi kan handtere lokale risikoar og dei hendingane kommunen er plikta til å handtere, dette gjeld mellom anna brannar, helseoppdrag, trafikkulykker og forureining.

Brann- og redningstenesta er ein av dei viktigaste beredskapsressursane kommunen har. Lange avstandar til sjukehus og politi gjer at lokal responsevne er avgjerande. Brannvernet er ofte første ressurs på staden ved både brannar, ulukker og andre akutte hendingar.

Ny tankbil har styrka beredskapen, men i økonomiplanperioden bør kommunen også prioritere ny eller rehabilitert brannstasjon. For å sikre forsvarleg beredskap må det framleis investerast i kompetanse, øving, utstyr og lokale som gjer brannvesenet i stand til å løyse oppdraget sitt på ein trygg, forsvarleg og effektiv måte.



	2022	2023	2024	2025
Hyllestad	1 884	2 876	2 672	2 667
Kostragruppe 14	2 026	2 166	2 127	2 287

For små kommunar vil kostnadene per innbyggjar ofte framstå høgare enn i større kommunar fordi beredskapen må vere tilgjengeleg heile døgnet uavhengig av folketalet.

Kommunane i KOSTRA-gruppe 14 er ikkje direkte samanliknbare når det gjeld organisering og storleik på brannsjef/brannkorps. At vi ligg litt over gruppa har bakgrunn i organisering og at vi har eigen brannsjef. Dette er nødvendigvis ikkje negativt, då det etter mi meining er både riktig og klokt å satse på beredskap.

Brannførebygging handlar ikkje berre om utrykkingar. Kommunen har ansvar for tilsyn med særskilte brannobjekt (A-objekt) som sjukeheim, skule, barnehage, forsamlingslokale og andre bygg der brann kan få store konsekvensar. Dagens regelverk byggjer på risikobaserte tilsyn, noko som stiller krav til både kompetanse og kapasitet i brannvesenet, alternativt kjøp av slike tenester frå eksterne.

Satsingsområde, mål, strategiar og tiltak

Satsingsområde	**God økonomistyring og berekraftig drift**
Mål	Leiarar og politiske organ skal ha god styringsinformasjon

Strategiar	Økonomirapportar levert innan frist – 100 % Politiske saker produsert innan frist – 95 % Oppdatert planverk – 80 % Sjå på den samla låneporteføljen
Tiltak	Bidra til ferdigstilling av bustadplan Halde god fokus på kostnadane, m.a. vidareføre interne månadskontrollar Fullføre delegeringsreglementet for våre tenester Revidere økonomireglement, finansreglement, prosjektreglement og innkjøps-reglement Vurdere revisjon/ajourføring av andre reglement Søkje om grøne lån der det er mogleg for å få lavare rente, god dialog med bankane
Satsingsområde	**Organisasjonsutvikling og tverrsektoriell samhandling**
Mål	Administrative arbeidsprosessar skal vere enklare og meir digitale
Strategiar	Tal arbeidsprosessar forbetra eller digitalisert – 3 per år Del personalmeldingar behandla innan fristen – 100 % Del fakturaer behandla innan fristen – 100 % Del handel gjennom eHandel skal auke med 10 % Del standardskjema som er digitale – 80 % Auke bruk av digitale verktøy og kunstig intelligens for betre kvalitet og ras-kare sakshandsaming Kompetanseheving

Tiltak	Fokus på digitalisering/ effektivisering Intern opplæring ute i einingane knytt til administrative rutinar, halde fram med eigne webinar om aktuelle tema Kompetanseheving i bruk av KI
Satsingsområde	**Styrke kommunen si evne til styring og internkontroll**
Mål	Kommunen skal ha robust internkontroll og ivareta personvernet
Strategiar	Vidareutvikle meir systematisk og risikobasert internkontroll
Tiltak	Ferdigstille overordna ROS Faktisk gjennomføre øvingar og evalueringar Vidareutvikle felles årshjul for styring og internkontroll, samordne budsjett-prosessar, rapportering, ros, tilsyn m.v. Deponering av sakshandsamar-databasen til fylkesarkivet (filuttrekk) skal vere fullført (WebSak)
Satsingsområde	**Beredskap**
Mål	Hyllestad kommune skal ha ein robust lokal beredskap som bidreg til tryggleik for innbyggjarane og sikrar evna til å handtere uønskte hendingar.
Strategiar	Arbeide systematisk med ros-analysar som grunnlag for prioriteringar og til-tak. Sikre at brann- og redningstenesta har tilstrekkeleg kompetanse, utstyr og ka-pasitet til å handtere lokale risikoar.

	Styrkje førebyggjande arbeid for å redusere sannsynet for uønska hendingar. Byggje ein kultur for beredskap gjennom øving, opplæring og erfaringslæring.
Tiltak	Ferdigstille overordna ROS og handlingsplan Følgje opp tiltak frå heilskapleg ROS-analyse og overordna beredskapsplan. Årleg revisjon av overordna beredskapsplan. Ferdigstille ROS-analyse for brann- og redningstenesta og handlingsplan Gjennomføre jamlege beredskapsøvingar og evaluere alle øvingar og hendingar, minimum 2 per år Oppretthalde nødvendig kompetanse gjennom kurs, øvingar og sertifiseringar i brann- og redningstenesta. Sikre tilfredsstillande nivå på beredskapsutstyr, køyretøy og materiell. Planleggje for ny eller rehabilitert brannstasjon i økonomiplanperioden. Vidareutvikle digital støtte til kriseleiing og beredskapsarbeid. Styrkje førebyggjande brannvernarbeid og risikobaserte tilsyn i særskilte brannobjekt. Samhandle interkommunalt/vurdere ulike former for samarbeid knytt til beredskap mot hendingar som ikkje er av lokal art, som vi ikkje kan handtere sjølv.

Budsjettåret 2027 – økonomiske endringar

For budsjettåret 2027 er framlagd budsjett i balanse i forhold til tildelt ramme:

Ansvar 120 Sentraladministrasjonen – kr 19.004.000
Ansvar 690 Brannvern – kr 3.000.000

Samla 22.004.000

Endringar frå 2026:

Kostnader knytt til gjennomføring av kommunestyreval 2027 er lagt inn

Kostnader til nye pc'ar til nye folkevalde er lagt inn

Kostnader til pensjon til ordførar frå ny valperioden er lagt inn

Det er lagt inn auke i straumkostnadane på kommunehuset og kommunale utleigebustader

Framsikt er sagt opp (årleg innsparing på ca 200'), samt at det er trekt inn 50 % stilling på leiarnivå (tidlegare økonomisjefstillinga der 50 % vart tenkt frå prosjekt)

Økonomisjefstillinga er erstatta av eit økonomiteam på tre personar frå vår avdeling, i tillegg til kommunedirektøren, dette gir ei meir robust teneste enn tidlegare

Kostnader til kontrollutval, revisjon og sys-ikt er i tråd med prisauke/varsla kostnader

Tilskot kyrkja er auka med 85.000, ca 4 %.

Det er ikkje funne rom for sommarjobb for ungdom 15-18 år, om dette skal vidareførast må ein tildelast ekstra midlar, helst fordelt på dei ulike sektorane. Det har dei siste åra synt seg at dei fleste vil arbeide i DV-avdelinga, eit forslag er om ein til dømes kan sette av x tal plassar h.h.v. i DV, SFO, barnehage og omsorg.

Det vert spelt inn ønskje om kr 200.000 årleg i økonomiplanperioden til nye it-kostnader

Det vert spelt inn ønskje om ny/rehabilitert brannstasjon i løpet av økonomiplanperioden, budsjettal er ikkje klare per no, men anslagsvis minimum 30 millionar.

Elin Garnes Solås

Kommunalsjef sentraladministrasjonen

Visjon og verdiar

Sektoren oppvekst, kultur og idrett skal bidra til at Hyllestad er ein inkluderande kommune der innbyggjarane opplever meistring, deltaking og tilhøyrsle. Tenestene skal støtte opp under kommuneplanen sine mål om gode oppvekstvilkår, attraktive møteplassar og levande bygder.
Arbeidet skal vere prega av tidleg innsats, inkludering, medverknad og god ressursutnytting i samarbeid med frivillig sektor og lokalsamfunnet.

Hyllestad barnehage arbeider etter v*isjonen «Eg kan, eg vil – saman får vi det til!».* For barnehageåra 2026-2028 er satsingsområdet *«Frå eg og meg til vi og oss – gjennom gode relasjonar, autoritative vaksne og inkluderande fellesskap».*

Hyllestad skule arbeider etter visjonen *«Gjere for å lære - saman i trivsel og tryggleik»*, med vekt på trygge, inkluderande læringsmiljø, tilpassa opplæring, tilfredsstillande læringsutbytte og tidleg innsats for elevar.

Kulturskulen i Hyllestad, Askvoll og Fjaler har visjonen *«Oppleve, skape, meistre»*, og skal vere ein inkluderande møteplass for kunst og kultur.

Nosituasjon og KOSTRAanalyse

Sektoren er den nest største i Hyllestad, og har eit totalbudsjett på vel 44 millionar. I budsjettframlegget for 2027 er ramma redusert med om lag 1,4 millionar.

Sektoren omfattar både lovpålagde og ikkje – lovpålagde tenester innan oppvekst, kultur og idrett. Ansvarsområdet eir breitt og samansett, med fleire lovverk, forskrifter og faglege krav som skal følgjast opp. Dette stiller store krav til kompetanse, oversikt og kapasitet, både på leiarnivå og i tenestene.

Demografiske endringar med låge fødselstal og eit avgrensa folketalsgrunnlag utfordrar evna til å oppretthalde breidda i tilboda og sikre ei økonomisk forsvarleg drift over tid. Samstundes aukar behovet for målretta tiltak som styrkjer det tverrfaglege samarbeidet, fremjar inkludering, førebyggjer utanforskap og bidreg til god psykisk og fysisk helse.

Kultur og oppvekst (ansvar 200)

Ansvarsområdet omfattar mellom anna bibliotek, frivilligsentral, aktivitetstilbod til barn og unge, kultur- og fritidstilbod, idrettsanlegg, PPT, ungdomsråd, fritidsfond og norskopplæring.

Hyllestad har eit aktivt organisasjonsliv med eit stort tal lag og foreiningar som bidreg til kultur-, fritids- og idrettstilbod. Frivilligheita er ein viktig ressurs og samarbeidspartnar for kommunen. Frivilligsentralen har ei

sentral rolle i koordinering av aktivitetar og tiltak, der mykje av handlingsrommet heng saman med tilgang på eksterne tilskotsmidlar.

Kommunen eig fleire viktige møteplassar og anlegg som er viktige for innbyggjarar, frivillige lag/organisasjonar og tilreisande. Drift, vedlikehald og framtidige investeringar må balanserast innanfor stramme økonomiske rammer.

Biblioteket vart oppgradert i 2026. Frå 2027 er målsetjinga å ta i bruk utlånsautomat og «Meirope»-løysing, samstundes som samarbeidet med skulen sikrar eit lovmessig skulebibliotektilbod.

Hyllestad skule (ansvar 210)

Skulen sitt budsjett er i stor grad bunde opp i løns- og personalkostnader, som utgjer om lag 90% av budsjettramma. I tillegg utgjer straum og skuleskyss vesentlege kostnader. Det er difor eit avgrensa handlingsrom for andre driftsutgifter, læremiddel, digitale ressursar og pedagogiske tiltak.

Elevtalet har gått ned med fire elevar frå førre skuleår. Frå hausten 2027 er det venta ein ytterlegare reduksjon, før elevtalet stabiliserer seg igjen. Endringar i elevtalet påverkar både ressursbehovet og føresetnadene for å organisere undervisninga på ein økonomisk og pedagogisk forsvarleg måte. Skulen arbeider aktivt med å søkje eksterne tilskotsmidlar der det er mogeleg.

Hyllestad skule ligg noko under KOSTRA -nivået for samanliknbare kommunar i kostragruppe 14.

Hyllestad barnehage (ansvar 274)

Hovudtyngda av budsjettet til barnehagen er knytt til lønn og personalkostnader, her òg vikar-kostnader knytt til sjukefråvær, ferieavvikling og lovpålagte permisjonar. Faste driftsutgifter som straum, lisensar og serviceavtalar utgjer òg ein vesentleg kostnad.

Barnetalet varierer mellom årskull. Talet på dei yngste barna er aukande, noko som påverkar behovet for bemanning og kapasitet. I januar 2027 har barnehagen 42 barn, der 4 er nye.

Barnehagen har over fleire år hatt høgare kostnader enn samanliknbare kommunar. Viktige forklaringar er løpande opptak, høg fagkompetanse og ansiennitet blant dei tilsette, lang opningstid, samt behov for tilrettelegging og oppfølging av barn med ulike behov.

KOSTRA-tal tek i avgrensa grad omsyn til forhold som lang opphaldstid for barna, planleggingstid for pedagogar og behov for tilrettelegging og oppfølging utover minimumsnormene.

Barnehagen har eit personale med høg fagkompetanse og lang erfaring. Dette er ein viktig styrke for kvaliteten i tenestetilbodet, arbeidet med tidleg innsats og oppfølging av barna. Samstundes gir høg kompetanse og ansiennitet auka lønsutgifter samanlikna med ein bemanningssituasjon med lågare ansiennitet. Rekna isolert utgjer dette om lag 1,1, mill. kroner årleg, noko som også påverkar nivået på kommunen sine KOSTRA – tal.

Kulturskulen i HAF (ansvar 250)

Kulturskulen er eit interkommunalt samarbeid med Askvoll og Fjaler der Hyllestad er vertskommune. Alle dei 9 tilsette (7,3 årsverk) har hovudstillinga si i kulturskulen. Ein høg prosentdel (over 50%) av elevane i grunnskulen i Hyllestad går i kulturskulen. Også I Fjaler og Askvoll er prosentdelen grunnskuleelevar som går i kulturskulen vesentleg høgare enn landsgjennomsnittet på cirka 13 prosent. Det viser at kulturskulen er relevant for mange.

Kulturskulen er ei relativt lita teneste, noko som gjer organisasjonen sårbar ved sjukefråvær. Det kan vere utfordrande å få tak i kvalifiserte vikarar, noko som kan påverke kontinuiteten i undervisningstilbodet.

KOSTRA -tal for samanlikning er ikkje tilgjengelege fordi rapporteringssystemet ikkje fangar opp vertskommunemodellen på ein tilfredsstillande måte.

Tilpassing av drift

Sektoren har samla fått redusert budsjettramma med 2 prosent. Det gir eit redusert økonomisk handlingsrom og krev tydelegare prioriteringar av oppgåver og tilbod, med særleg vekt på lovpålagde oppgåver.

Ansvar 200 – Kultur og oppvekst

Ansvaret omfattar fleire tenester og tiltak som er viktige for eit levande lokalsamfunn, men som i varierande grad er lovpålagde. Forventningane til tenestene er høge. Dette skaper eit aukande gap mellom ynskje, behov og tilgjengelege ressursar, og krev tydelege prioriteringar i planperioden.

Det er lagt til grunn at Hyllestad kommune ikkje skal busetje flyktningar i 2027. Dette får konsekvensar for norskopplæringa når vedtak for noverande deltakarar går ut i løpet av januar. Det må vurderast korleis kompetansen kan nyttast i andre delar av sektoren.

Støtte til kino, ordninga med gratis trening for kommunalt tilsette og fritidsklubben er vidareført.

I planperioden vil utfordringar i tenesta vere knytt til:

- Redusert økonomisk handlingsrom
- Løyvingane til tilskotsordningar er reduserte, noko som gir mindre rom for aktivitet, utvikling og støtte til lokale initiativ. Innan anleggsområdet må behov for anlegg vurderast strengare opp mot bruk, kapasitet og framtidige driftskostnader.
- Avgrensa kapasitet til kulturfagleg oppfølging og utviklingsarbeid
- Det er framleis ikkje økonomisk rom for å tilsetje ein medarbeidar med kultur som eige fag – og arbeidsområde. Oppgåvene på kulturfeltet vert difor hovudsakleg ivaretekne av sektorleiar, i kombinasjon med andre leiar – og forvaltningsoppgåver.
- Arbeid med ny kommunedelplan for kultur og kulturminne
- Revisjon av kommunedelplan for kultur og for kulturminne er ressurskrevjande og må gjennomførast innanfor eksisterande kapasitet.

Førebyggjande arbeid retta mot barn, unge og familiane deira, BTI (Betre, tidleg og tverrfagleg innsats)

Arbeidet krev tett samhandling mellom fleire tenester og sektorar. Arbeidet manglar koordineringsressurs og det er utfordrande å sikre systematisk oppfølging og utvikling av det førebyggjande arbeidet. Det er i stor grad avhengig av kapasiteten hjå sektorleiarene for helse og oppvekst.

Kompetanse, internkontroll og regelverksoppfølging

Det er ikkje rom for noko satsing på kompetanseheving innanfor dei økonomiske rammene. Sektorleiar må gjere strenge vurderingar av kva som er nødvendig å delta på i høve regelverkssamlingar og samlingar for fagleg oppdatering innanfor sektoren.

Vedlikehald av kommunale idretts – og nærmiljøanlegg

Faste utgifter, kostnader med serviceavtalar og aukande vedlikehaldsbehov utover i perioden vil krevje prioriteringar innanfor avgrensa økonomiske rammer.

Ansvar 210 – Hyllestad skule

Skulen har avgrensa handlingsrom, og skuleleiinga må gjere grundige vurderingar for å sikre at organiseringa er pedagogisk forsvarleg og i samsvar med gjeldande regelverk. Dei lovpålagde oppgåvene må prioriterast, samstundes som ein arbeidar for å oppretthalde kvaliteten i undervisninga. Dei største utfordringane er knytt til:

Lønn og personalkostnader.

For å få budsjettet i balanse må skulen redusere bemanninga med ei stilling frå 1.august 2027. Dette får konsekvensar for organiseringa av undervisninga, den samla ressursbruken og fleksibiliteten i det pedagogiske arbeidet. Reduksjon i bemanning kan føre til større undervisningsgrupper og meir fådelt organisering.

Bortfall av skulelunsj som følgje av at tiltaket ikkje er lovpålagt.

Ordninga med skulelunsj vert ikkje vidareført. Erfaringane viser at skulelunsjen har vore eit viktig bidrag til fellesskap, trivsel og motivasjon for å møte på skulen. Utan skulelunsj mistar skulen eitt konkret tiltak som har støtta opp under det førebyggjande arbeidet med skulemiljøet. Skulen må difor arbeide vidare med andre tiltak som kan styrkje fellesskap, trivsel og eit inkluderande skulemiljø.

Innkjøp og utskifting av digitalt utstyr og auka kostnader til digitale lisensar og løysingar

Frå 2027 må innkjøp av elev- PCar finansierast innanfor driftsbudsjettet, då investeringsordninga no er avslutta. Den økonomiske ramma gir berre rom for innkjøp av eitt klassesett, noko som kan føre til meir deling av utstyr og redusert tilgang til PC for elevane. Dessutan har kostnadane til digitale lisensar og naudsynte digitale løysingar auka. Avgrensa midlar til utskifting av ustyr og lisensar kan påverke undervisninga, leksearbeidet og gjennomføringa av digitale kartleggingar.

Innkjøp og fornying av fysiske lærebøker og andre læremiddel.

Skulen har dei siste åra fornya lærebøker og andre læremiddel i tråd med ny læreplan. Investeringsmidlane er no brukt opp, og den ordinære budsjettramma gir avgrensa rom for vidare fornying. Dette vil føre til redu-

sert innkjøp av læremiddel og større bruk av eksisterande ressursar. Det kan påverke variasjonen i undervisninga og mogelegheita til å tilpasse opplæringa til ulike elevbehov.

Skuleskyss til andre formål enn den daglege transporten til og frå skulen.

Budsjettet dekkjer ordinær skuleskyss til og frå skulen, men ikkje transport til ekskursjonar og andre faglege aktivitetar. Dette avgrensar mogelegheita til å nytte lokalsamfunnet som læringsarena og følgje opp den lokale planen om å gjere elevane kjende med heimkommunen. Det er heller ikkje lagt inn midlar til skyss for symjeundervisning i Lavik i 2027, då skulen er ajour med symjeopplæringa og budsjettramma ikkje gir rom for denne kostnaden.

Reduksjon i vikarmidlar.

Reduksjonen i vikarmidlar gir mindre fleksibilitet ved fråvær og krev større grad av interne omdisponeringar. Det krev ei strengare vurdering av vikarbruk og permisjonar. Dette gjer det meir krevjande å opprettholde planlagt undervisning og pedagogisk kontinuitet, samstundes som skulen må gje eit forsvarleg opplæringstilbod og sikre at arbeids-belastninga for dei tilsette blir handtert på ein forsvarleg måte.

Tidleg innsats og førebyggjande pedagogiske tiltak.

Redusert handlingsrom til tidleg innsats kan gje mindre kapasitet til å setje inn førebyggjande tiltak og målretta oppfølging (t.d. lesekurs og andre støttetiltak tilrådde av PPT, logoped eller andre faginstansar). På sikt kan det føre til auka behov for individuelt tilrettelagd opplæring (ITO) og binde opp større delar av ressursane. Skulen vil difor prioritere tidleg innsats, særleg på barnesteget, så langt ressursane gir rom for det.

Kulturskulen (ansvar 250) har fått redusert tilskotet frå Hyllestad med fem prosent. For å tilpasse drifta til den reduserte ramma er kostnadane justerte i samsvar med elevtal og fordelinga mellom eigarkommunane Askvoll, Fjaler og Hyllestad. Kostnaden per elevplass er oppjustert i tråd med den generelle prisveksten. Målet er å opprettholde kvaliteten i tilbodet og sikre føreseielege rammer for vidare drift.

Hyllestad barnehage – 274 har størst reduksjon på budsjettramma. Samstundes er det venta auke i barnetalet frå januar 2027. Det er difor lagt inn behov for ei mellombels stilling fram til sommaren for å fylle bemanningskrava.

Utfordringane framover er knytt til:

Bemanning, opptak og opningstid

Barnehagen har dei siste par åra redusert bemanninga gjennom naturleg avgang. Dette har gitt lågare kostnader, men òg mindre fleksibilitet i drifta. Praksisen med løpande opptak og relativ lang opningstid påverkar bemanningssituasjonen. Det er difor fremja eiga sak om redusert opningstid og endring attende til årleg hovudopptak.

Bemanningssituasjonen er til tider krevjande. Utfordringa handlar ikkje berre om tal årsverk, men om å nok vaksne til stades for å ivareta omsorg, støtte, tilrettelegging og pedagogisk arbeid. Bemanninga blir organisert fleksibelt på tvers av avdelingane, men ein er sårbar ved sjukdom, ferieavvikling og lovfesta fråvær.

Barnehagelunsj og kokk

Barnehagen har hatt kokk i 40% stilling dei siste åra, noko som har gitt varm lunsj og avlastning for personalet. For å prioritere bemanning i direkte arbeid med barna er ordninga med kokk og varm lunsj ikkje vidareført i budsjettet.

Soveromskapasitet

Barnehagen har allereie utfordringar med kapasiteten på soverom, og frå januar 2027 er det venta fleire små barn med behov for kvile i løpet av dagen. Delar av tidlegare soveromsareal er teke i bruk til ventilasjonsareal, og det er behov for å vurdere løysingar for å sikre tilstrekkeleg areal. Aktuelle tiltak kan krevje investeringar.

Tidleg innsats og tverrfagleg samarbeid

Barnehagen har eit godt tverrfagleg samarbeid med skule, helsestasjon og PPT. Gjennom faste ressursmøter får barnehagen rettleiing, kompetanseheving og støtte i arbeidet med enkeltbarn og barnegrupper. Målet er å komme tidleg inn med førebyggjande tiltak og sikre at barna får naudsynt oppfølging.

Trygt og godt barnehagemiljø

Barnehagen arbeider systematisk for å sikre at alle barn opplever eit trygt og godt barnehagemiljø, i tråd med barnehagelova. Det er utarbeidd rutinar for førebyggjande arbeid, handtering av bekymringar og oppfølging gjennom aktivitetsplikta.

Rekruttere og behalde

Barnehagen har avgrensa tilgang på kvalifiserte vikarar og høge kostnader knytt til innleige av logoped. Det er viktig å behalde nødvendig kompetanse.

Kompetanseheving og fagleg utvikling

Budsjettramma gir avgrensa rom for kurs, opplæring og felles kompetanseheving for personalet.

Oppfølging av tiltak knytt til vernerunde/fysisk og psykososialt arbeidsmiljø

Vernerunda frå 2026 peikar på behov for oppfølging knytt til ventilasjon, støy, garderobeforhold (barn), soveromskapasitet og organisering av arbeidet. Tiltaka må følgjast opp innanfor tilgjengelege ressursar.

Satsingsområder, mål, strategiar og tiltak

Kultur og oppvekst (200)

I planperioden vil arbeidet med ny kommunedelplan for kultur og kulturminne vere eit sentralt utviklingsarbeid for sektoren. Planen vil vere eit viktig strategisk verktøy for utvikling av attraktive møteplassar, levande kulturmiljø, inkluderande aktivitetstilbod, og eit grunnlag for framtidige prioriteringar av drift, investeringar og bruk av eksterne tilskotsordningar.

Satsingsområde	Inkludering og deltaking
Mål:	Arbeide for at alle barn, unge og vaksne får mogelegheit til å delta i kultur-, fritids- og idrettsaktivitetar uavhengig av økonomi, funksjonsnivå eller sosial bakgrunn
Strategiar	Redusere økonomiske barrierar for deltaking Halde oppe lågterskeltilbod Styrkje samarbeidet med frivilligheita
Tiltak	Vidareføre fritidsfondet Arbeide for å starte opp att fritidsklubben i løpet av jan 27 Vidareføre lågterskeltilbod som t.d. BUA, Sommarmoro, aktivitetar på biblioteket Bruke midlar til lokalt transporttilbod for ungdom (LTU) aktivt Bruke infoskjermane og foreiningsportalen aktivt Faste møter med grendalag og lag og organisasjonar Møteplass for seniorar
Satsingsområde	Førebygging og tidleg innsats
Mål:	Barn, unge skal oppleve meistring, tilhøyrsle og gode oppvekstvilkår.
Strategiar	Styrkje det tverrfaglege samarbeidet rundt barn og unge og familiane deira Styrkje kompetansen og utvikle felles rutinar for tverrfagleg samarbeid Nytte kultur- og aktivitetstilbod som førebyggjande verkemiddel Leggje til rette for medverknad frå barn og unge
Tiltak	Styrkje samarbeidet mellom tenestene, både i eigen sektor, men også med tenester i helsesektoren

	Vidareføre ungdomsrådet som medverknadsarena Nytte fritidsfondet og andre støtteordningar for å redusere risikoen for utanforskap Sikre tilgang til PPT tenester gjennom interkommunalt samarbeid
Satsingsområde	Levande møteplassar og attraktive anlegg
Mål:	Kommunale møteplassar og anlegg skal vere tilgjengelege, attraktive og bidra til aktivitet, fellesskap og folkehelse
Strategi	Vidareutvikle biblioteket som møteplass Stimulere til aktivitet gjennom samarbeid med lag og organisasjonar Sikre planmessig vedlikehald av bygg og anlegg
Tiltak:	Legge til rette for universell utforming og godt tilgjenge Prioritere støtte til lokale lag og organisasjonar innanfor redusert tilskotsramme Leggje behovsvurderingar til grunn for spelemiddelarbeidet Drift og vedlikehald av Hyllestadhallen, idrettsbana og nærmiljøanlegga Halde fram samarbeidet med frivillig sektor gjennom møte og møteplassar med Frivilligsentralen og aktiv bruk av foreiningsportal og infoskjermar Frivilligsentralen samordnar og koordinerar eit større årleg kulturarrangement i Hyllestad (Sommargry) i samarbeid med frivillige Følgje opp arbeidet med kommunedelplan for kultur og kulturminne

Hyllestad skule (210)

Skuleleiinga vil følgje opp økonomien tett gjennom planperioden og arbeide for at drifta er i balanse. Samstundes skal skulen sikre eit forsvarleg opplæringstilbod og oppfylle dei lovpålagde pliktene sine. Dette vil krevje tydelege prioriteringar, stram økonomistyring og kontinuerleg vurdering av ressursbruken.

Trass i ei stram budsjettramme vil skulen prioritere følgjande område:

Trygt og godt skulemiljø: Arbeide systematisk for at alle elevar skal oppleve eit trygt og godt skulemiljø, i samsvar med opplæringslova kapittel 12.

Tilpassa opplæring og tilfredsstillande læringsutbytte: Sikre at alle elevar får eit forsvarleg opplæringstilbod, og at nødvendige tiltak blir sette inn i tråd med gjeldande regelverk, mellom anna opplæringslova kapittel 11.

Tidleg innsats: Prioritere førebyggjande arbeid og tidleg innsats, særleg på barnesteget, for å møte elevane sine behov så tidleg som mogleg.

Kompetanseutvikling: Vidareføre systematisk kompetanseutvikling blant dei tilsette gjennom bl.a internt pedagogisk utviklingsarbeid, i tråd med skulen sine behov og gjeldande krav til kompetanseutvikling, jf. oppll. § 17-12.

Kvalitet i undervisninga: Halde fram med å utvikle god undervisningspraksis, tydeleg klasseleiing og gode relasjonar mellom elevar og vaksne.

Forsvarleg ressursbruk: Arbeide målretta med organisering, timeplanlegging og bruk av personalressursar for å sikre ei berekraftig drift utan at det går på kostnad av dei lovpålagde oppgåvene.

Skulen vil òg halde fram med å søkje på relevante tilskotsordningar og eksterne midlar der dette kan bidra til å styrkje tilbodet og gjennomføre prioriterte tiltak.

Utviklingsplan og pedagogisk utviklingsarbeid

Skulen har gjennomført ståstadanalysa og arbeider med ny utviklingsplan. Arbeidet tek utgangspunkt i identifiserte utviklingsområde og prioriterte behov. Mellom anna vil skulen vidareføre arbeidet med pedagogisk analyse i samarbeid med PPT for å styrkje læringsmiljøet og sikre målretta tiltak. Utviklingsarbeidet må tilpassast dei økonomiske og personalmessige rammene, samstundes som skulen skal vidareutvikle kvaliteten i opplæringa og arbeide for eit inkluderande læringsmiljø.

HAF kulturskule (250)

Satsingsområde	Kulturskule for alle
Mål:	Flest mogeleg barn og unge skal ha eit kulturskuletilbod som er relevant, inkluderande og av høg kvalitet
Strategi	Byggje ned barrierar for deltaking Utvikle tilbod som møter behova til barn og unge Styrkje samarbeidet med grunnskule, SFO og kulturliv

Tiltak:	Vidareutvikle dans, musikk, teater og visuell kunst Etablere nye tilbod som er enno meir relevante for ungdom Prioritere kompetanseutvikling og kvalitetsarbeid hjå dei tilsette Ha gode arenaer for framsyning og høg kvalitet på teknisk utstyr Halde fram med utviklingsorientert leiing

Hyllestad barnehage (274)

Satsingsområde	**«Frå eg og meg til vi og oss» - gjennom gode relasjonar, autoritative vaksne og inkluderande fellesskap (2026 - 2028)**
Mål	Barna skal oppleve tilhøyrsle, meistring og positive relasjonar. Personalet skal vere autoritative vaksne som skapar trygge og inkluderande fellesskap i nært samarbeid med heimane.
Strategiar	«Laget rundt barnet» - god dialog og samarbeid med foreldre Arbeide med fellesskap på avdelingane og felles i barnehagen Sikre trygge og føreseielege rammer for alle barn
Tiltak	Tilsette som er autoritative vaksne som møter barn på ein god måte Tidleg innsats og BTI – samarbeid med interne og eksterne tenester Systematisk arbeid med trygt og godt barnehagemiljø Leikemiljø som fremjar deltaking, vennskap og medverknad Foreldremøter med fokus på felles samarbeid knytt til satsingsområdet og laget rundt barnet Godt samarbeid mellom personalet i barnehagen, barna sine foreldre, samarbeidsutvalet (SU), og andre eksterne instansar God informasjonsflyt ved overgangar og endringar

Satsingsområde	**Kompetanseutvikling og prosjekt i HAF (pedagogisk analyse) 2026 - 2028**
Mål	Sikre og vidareutvikle kompetanse innan pedagogisk arbeid, pedagogisk analyse, dokumentasjon og trygt og godt barnehagemiljø
Strategiar	Gode prosessar knytt til opplæring av pedagogisk leiargruppe i bruk av sikker sak Bruke interne ressursar ved opplæring i sikker sak Deltaking i prosjekt i HAF ilag med PPT - opplæring i metode/verktøy Tid til å øve på bruk av pedagogisk analyse som metode Følgje rutine for trygt og godt barnehagemiljø
Tiltak	Felles fagdag/planleggingsdag Planleggingsdagar, personalmøter, avdelingsmøter og pedagogisk leiarmøter med ulike tema som er aktuelle. Årshjul for barnehagen Ressursteam/kontaktdag med PPT ein gong i månaden Oppfølging av dokumenttilsyn frå barnehagemynde Gode rutiner og kontinuerlig arbeid med å sikre at kvart enkelt barn opplever eit trygt og godt barnehagemiljø Glup.no/veilederen.no
Satsingsområde	**Rekruttering, behalde kompetanse og sikre stabilitet og føreseielegheit for personalet i Hyllestad Barnehage**
Mål	Arbeide for å sikre nødvendige ressursar til barnehagen, gode vikarar og barnehagen sitt behov for kompetanse innafor språk/utfordringar i språkutvikling og pedagogisk arbeid i barnegruppene
Strategiar	Arbeide systematisk med rekruttering og kompetanseutvikling. Styrkje rettleiing og oppfølging av vikarar/nytilsette. Nytte tilgjengelege bemanningsressursar best mogeleg.
Tiltak	Rettleiing og medarbeidaroppfølging

	Mottak av praksiselevar, lærlingar og språkpraksis der det er mogeleg Systematisk arbeid med vikarrekruttering Kompetanseheving etter behov og tilgjengelege ressursar
Satsingsom-råde	**Oppfølging av vernerunde og internkontroll**
Mål	Sikre eit godt og trygt psykososialt arbeidsmiljø og god internkontroll
Strategiar	følgje opp rapport og handlingsplan etter vernerunde 2026 forbetre fysiske arbeidsforhold og arbeidsmiljø styrkje bruken av internkontrollsystemet
Tiltak	Organisering og bruk av personalressursar Gjennomføre planlagde målingar og HMS- tiltak Registrere og følgje opp avvik Jamnleg vurdering av organisering og ressursbruk

Hildegunn Hatlem

Kommunalsjef oppvekst, kultur og idrett

Visjon og verdiar

Helse- og omsorgstenesta skal bidra til at innbyggjarane kan leve trygge, aktive og meiningsfulle liv gjennom heile livsløpet. Tenestene skal fremje helse, meistring og livskvalitet gjennom tidleg innsats, førebyggjande arbeid og heilskapleg oppfølging, slik at innbyggjarane kan meistre eigen kvardag og bu heime så lenge som mogleg.

Vi skal tilby fagleg forsvarlege tenester med høg kvalitet, basert på kunnskap, brukarmedverknad og respekt for den einskilde sitt menneskeverd og sjølvråderett. Innbyggjarane skal oppleve samordna og tilgjengelege tenester som tek utgangspunkt i individuelle behov og ressursar.

Arbeidet i sektoren skal vere prega av samarbeid, inkludering og medverknad. Gjennom tverrfagleg samarbeid internt i kommunen og på tvers av sektorar, særleg mellom helse og oppvekst, skal vi leggje til rette for tidleg innsats og gode levekår for alle aldersgrupper.

Helse- og omsorgstenesta skal vere ein lærande organisasjon med kompetente medarbeidarar og eit kontinuerleg fokus på fagleg utvikling, kvalitet og forbetring. Tenestene skal drivast innanfor vedtekne økonomiske rammer og med dei personalressursane som er tilgjengelege. Samstundes skal vi møte aukande og meir samansette behov hos brukarane gjennom målretta ressursbruk, kompetanseutvikling og effektive arbeidsprosessar.

For å sikre levedyktige tenester også i framtida skal vi arbeide aktivt med tverrfagleg samarbeid, samarbeid med nabokommunar, systematisk kompetansedeling og bruk av velferdsteknologi og digitale løysingar. Slik skal vi styrkje kvaliteten i tenestene, betre ressursutnyttinga og sikre at innbyggjarane får trygge og gode helse- og omsorgstenester i tråd med gjeldande lovverk og politiske prioriteringar. Helse- og omsorgstenesta skal støtte opp under måla i kommuneplanen og bidra til ei berekraftig og positiv samfunnsutvikling i kommunen.

Nosituasjon og KOSTRAanalyse

Helse- og omsorgssektoren har ansvar for eit breitt spekter av lovpålagde tenester og skal etterleve omfattande krav til kvalitet, dokumentasjon og pasienttryggleik. Dette krev kompetanse, god styring og systematisk arbeid med internkontroll, fagleg utvikling og kvalitetsforbetring. Innanfor gjeldande økonomiske- og personalmessige rammer er det utfordrande å balansere dagleg drift med behovet for utviklings- og forbetringsarbeid.

Kommunen står overfor demografiske utfordringar i åra som kjem. Folketalsframskrivingane viser at kommunen får fleire eldre, særleg i dei eldste aldersgruppene, samtidig som talet på personar i arbeidsfør alder går ned. Dette vil kunne føre til auka etterspurnad etter helse- og omsorgstenester, samstundes som konkurransen om kvalifisert arbeidskraft blir større. Utviklinga utfordrar både berekrafta i tenestene og kommunen si evne til å rekruttere og halde på nødvendig kompetanse.

Samstundes aukar behovet for førebyggjande arbeid, tidleg innsats og tettare samarbeid på tvers av tenestene. For barn og unge handlar dette om å fremje god psykisk og fysisk helse og førebyggje utanforskap. For vaksne og eldre handlar det i tillegg om å leggje til rette for meistring, deltaking og moglegheita til å bu heime lengst mogleg.

KOSTRA-tal for 2025 viser at Hyllestad nyttar meir ressursar på helse- og omsorgstenester per innbyggjar enn samanliknbare kommunar. Kommunen har òg fleire årsverk per innbyggjar og per tenestemottakar enn gjennomsnittet i KOSTRA-gruppe 14. Dette må sjåast i samanheng med kommunen sin storleik, geografiske forhold og behovet for å oppretthalde robuste døgnkontinuerlege tenester innan fleire fagområde. Samstundes understrekar tala behovet for kontinuerleg vurdering av organisering, ressursbruk og tenestestruktur for å sikre ei framtidsretta utvikling.

Dei viktigaste utfordringane i planperioden er ikkje nødvendigvis knytte til dagens tenestenivå, men til evna til å oppretthalde kompetanse, kapasitet og kvalitet i møte med demografiske endringar, strammare økonomiske rammer og avgrensa tilgang på arbeidskraft. For å halde drifta innanfor vedtekne økonomiske rammer er det nødvendig med tydelege prioriteringar, der lovpålagde tenester, førebyggjande arbeid og innsats retta mot dei med størst behov blir prioritert.

Framtidas helse- og omsorgstenester må i større grad leggje til rette for at innbyggjarane kan meistre eigen kvardag lengst mogleg. Dette føreset sterkare satsing på førebygging, tidleg innsats, rehabilitering, tverrfagleg samarbeid og bruk av velferdsteknologi. Samtidig må tenestene vidareutviklast slik at ressursane blir nytta der behovet er størst, utan at det går på kostnad av kvalitet, pasienttryggleik og forsvarlege tenester.

Kommunen har førebels ikkje lagt opp til busetjing av flyktningar i 2027. Når dei siste deltakarane går ut av introduksjonsprogrammet i februar 2027, vil behovet for oppfølging bli redusert, og bemanninga og budsjettet i tenesta er no tilpassa dette. Om det vert mottak i 2027, må bemanning og budsjett i tenesta justerast opp.

For å halde drifta innanfor vedtekne økonomiske rammer er det gjort reduksjonar på fleire budsjettområde. Dette krev tydelege prioriteringar, med hovudvekt på lovpålagde tenester, førebyggjande arbeid og målretta innsats der behova er størst.

Sentrale utfordringar i planperioden

Sikre berekraftige helse- og omsorgstenester innanfor strammare økonomiske rammer.

Møte veksten i tal eldre og auka kompleksitet i brukargruppene.

Rekruttere, utvikle og behalde nødvendig kompetanse.

Styrkje førebygging, meistring og tidleg innsats gjennom heile livsløpet.

Oppretthalde kvalitet, pasienttryggleik og forsvarlege tenester.

Vidareutvikle tenestene gjennom omstilling, digitalisering og velferdsteknologi.

Helse og omsorg i Hyllestad kommune

Helse- og omsorgssektoren i Hyllestad kommune er organisert i eining helse og eining omsorg. Saman har einingane ansvar for eit breitt spekter av lovpålagde tenester som skal fremje helse, meistring, tryggleik og livskvalitet gjennom heile livsløpet.

Eining helse omfattar helsestasjon, skulehelseteneste, psykisk helse- og rusteneste, legeteneste, ergo- og fysioterapiteneste, flyktningteneste og andre førebyggjande og behandlande helsetenester. Eining omsorg omfattar institusjon, heimesjukepleie, miljøteneste, forpleining, reinhald, legevaktsatelitt, omsorgsbustader og øvrige støttetenester.

Sjølv om ansvarsområda er ulike, er tenestene gjensidig avhengige av kvarandre. Tidleg innsats, førebygging, rehabilitering og koordinert oppfølging på tvers av tenesteområda er viktig for å møte innbyggjarane sine behov gjennom heile livsløpet. I planperioden vil det vere nødvendig å prioritere tiltak som gir best mogleg effekt for innbyggjarane innanfor dei ressursane kommunen rår over. Dette inneber mellom anna å vidareutvikle samarbeid på tvers av tenestene, ta i bruk føremålstenlege løysingar og sikre at tilgjengeleg kompetanse vert nytta der behova er størst. Basert på samfunnsplanen sine mål skal helse- og omsorgstenestene bidra til gode liv gjennom heile livet og sikre framtidsretta tenester for innbyggjarane i Hyllestad.

Helsetenestene

Helsetenestene i kommunen er små og har avgrensa ressursar. Trass i eit lågt innbyggjartal skal kommunen tilby dei same lovpålagde tenestene som større kommunar. Dette gjer tenestene særleg sårbare ved sjukefråvær, turnover og vakansar, då få tilsette må dekkje eit breitt fagområde. For å sikre fagleg forsvarlege tenester samarbeider kommunen med andre kommunar om fleire tenesteområde. Jordmortenesta vert kjøpt frå Askvoll kommune i om lag 20 prosent stilling, medan psykologfagleg rettleiing vert kjøpt frå Høyanger kommune i om lag 5 prosent stilling. Kommunen deltek i tillegg i fleire interkommunale samarbeid innan mellom anna barnevern, NAV, folkehelsearbeid og legevakt utanom ordinær opningstid.

Helsestasjonen er ei sentral førebyggjande teneste for barn, unge og familiar. Tenesta er framleis sårbar som følgje av få tilsette, men styrking av bemanninga dei siste åra har gitt rom for auka aktivitet og fleire lågterskeltilbod. I løpet av året er det etablert barnekoordinatorfunksjon og ungdomshelseteneste, samtidig som det er sett auka fokus på tidleg innsats gjennom tettare samarbeid med skule, barnehage, psykisk helse- og rustenesta og barnevernet.

Med to helsesjukepleiarar i tenesta er det lagt til rette for fleire konsultasjonar og tettare oppfølging innan tema som kosthald, søvn, psykisk helse og foreldrestøtte. Tenesta har også hatt særleg merksemd på psykisk helse i barseltida og tiltak som styrkjer foreldrerolla. Målet er å oppdage utfordringar tidleg og bidra til gode oppvekstvilkår for barn og unge i kommunen. Tiltaka er i tråd med kommunen si satsing på tidleg innsats og skal bidra til å styrkje barn og unge si psykiske helse, meistring og livskvalitet.

Psykisk helse- og rustenesta har ei viktig rolle i det førebyggjande arbeidet og i oppfølginga av personar med psykiske helseutfordringar og rusrelaterte problem. Etterspurnaden etter tenesta er aukande, og ressursane er framleis avgrensa sett opp mot behovet. Tenesta har også vidareutvikla samarbeidet med heimetenestene, miljøtenesta og oppvekstsektoren for å sikre heilskaplege og koordinerte tenester til brukarane.

Gjennom eksterne prosjektmidlar har tenesta utvikla nye lågterskeltilbod, mellom anna aktivitetstilbodet *«Livsglede for alle»*, der fysisk aktivitet, sosial deltaking og meistring står sentralt. Tilbodet vert gjennomført i samarbeid med fysioterapeut og andre faggrupper. Tilbodet bidreg til auka sosial deltaking, redusert isolasjon og styrkt meistring hjå deltakarane, og er eit viktig supplement til dei ordinære tenestene.

Legetenesta er framleis stabil med ein kommunalt tilsett lege og ein privat. Drifta på legekontoret er i større grad enn tidlegare prega av kontinuitet til gode for pasientane. Ventetida for å få legetime er for det meste kort, om lag ei veke i snitt. Vi har ledig kapasitet på fastlegelistene til begge legane. Ved utgangen av august 2025 var 1 325 plassar i bruk, inkludert pasientar frå nabokommunar. Vi har siste åra hatt ein fast lege knytt til helsestasjonen og ein fast tilsynslege ved institusjon. Vi oppfyller våre kommunale forpliktingar som gjeld legevakt gjennom Sunnfjord og Ytre Sogn legevakt (SYSIKL). På dagtid på yrkedagar i tidsrommet kl. 0800-1530 er det legevakt øyeblikkeleg hjelp frå legekontoret i Hyllestad. Dette er sårbart ved ikkje-planlagt fråvær, og vi ser på moglegheit for å samarbeide med nabokommunar. Frå kl. 1530-0800 i helg og høgtider vert dette stetta gjennom SYSIKL der og våre legar bidreg i vakt i det interkommunale legevaktsamarbeidet. Vi har samarbeid om kommuneoverlege med Sunnfjord og Fjaler.

Ergo- og fysioterapi tenesta. Kommunen har ein ergoterapeut og to fysioterapeutar tilsett. Ergoterapeuten arbeider med alle aldersgrupper både førebyggande, helsefremmande, behandlande, rehabiliterande og habiliterande. Primær målgruppe for fysioterapeutane er tenestemottakarar i helse- og omsorgstenesta og eldre over 65 år og barn frå 0-18 år med behov for habilitering, rehabilitering og førebyggande tiltak. I tillegg har vi driftsavtale med to private fysioterapeutar som yter behandling og opptrening.

Flyktningtenesta har dei siste åra hatt hovudfokus på busetting, kvalifisering og integrering av flyktningar. Per i dag er det ikkje lagt opp til ny busetting i 2027, og dei fleste deltakarane i introduksjonsprogrammet vil avslutte programmet i løpet av første halvår 2027. Sjølv om dei fleste deltakarane avsluttar introduksjonsprogrammet i løpet av 2027, vil kommunen framleis ha omtrent 88 flyktningar busette i kommunen. Integreringsarbeidet blir ikkje avslutta når introduksjonsprogrammet tek slutt, men går over i ei ny fase der deltaking i arbeid, utdanning, lokalsamfunn og bruk av ordinære tenester står sentralt.

Dei fleste deltakarane som nærmar seg avslutning av introduksjonsprogrammet har som mål å komme i arbeid og bli sjølvforsørgde. Av dei ni deltakarane som avsluttar introduksjonsprogrammet i 2027, er det venta at åtte går over til arbeid, medan ein deltakar har vidare utdanning som mål.

Flyktningtenesta står framfor ei omstilling der arbeidsoppgåvene i mindre grad vil vere knytte til busetting og gjennomføring av introduksjonsprogram, og i større grad til integrering, rettleiing, koordinering og oppfølging av flyktningar som er etablerte i kommunen. Deltaking i lokalsamfunnet, integrering og førebygging av utanforskap vil vere viktige område framover.

Flyktningtenesta blir redusert ned til eitt årsverk frå november 2026. Sjølv om aktivitetsnivået er venta å gå ned, vil tenesta framleis ha oppgåver knytt til integrering, oppfølging og koordinering for flyktningar som er busett i kommunen. Kompetanse, erfaring og fagleg ansvar vil i større grad bli samla på ein person, noko som gjer tenesta sårbar ved fråvær eller personskifte.

Flyktningtenesta samarbeider tett med NAV, skule, helsetenester, frivillige organisasjonar og andre kommunale tenester. Nokre flyktningar vil framleis ha behov for koordinering og samarbeid mellom fleire tenester etter avslutta introduksjonsprogram. Dette gjeld særleg personar med utfordringar knytt til språk, helse, utdanning eller deltaking i arbeids- og samfunnsliv.

Prioriterte område vil vere gode overgangar frå introduksjonsprogram til arbeid eller utdanning, integrering og deltaking i lokalsamfunnet, samt rettleiing og koordinering for flyktningar som er etablert i kommunen. Målet er at flyktningane skal kunne meistre eigen kvardag, delta aktivt i samfunnslivet og nytte ordinære kommunale og statlege tenester på lik linje med andre innbyggarar i Hyllestad kommune.

Barnevern og NAV

Enkelte tenesteområde har utgifter som i stor grad er styrte av behov og lovkrav, og som kommunen berre i avgrensa grad kan påverke. Dette gjeld særleg barnevernet, der enkeltvedtak om plassering kan medføre store kostnadsaukar, og NAV, der utgifter til økonomisk sosialhjelp kan variere betydeleg. Sjølv om desse områda representerer ein økonomisk risiko, er det positivt at eit godt samarbeid mellom Flyktningtenesta og NAV i 2026 har ført til at fleire flyktningar har kome i arbeid. Dette har medverka til ein tydeleg reduksjon i utbetalingar til økonomisk sosialhjelp samanlikna med tidlegare år.

KOSTRA-analyse

Diagnose, behandling, habilitering og rehabilitering (funksjon 241)

KOSTRA-tala viser at Hyllestad over fleire år har hatt høgare netto driftsutgifter per innbyggjar til diagnose, behandling, habilitering og rehabilitering enn gjennomsnittet for kommunegruppe 14. I 2025 var netto driftsutgifter 5 615 kroner per innbyggjar, mot 4 292 kroner i kommunegruppe 14. Funksjon 241 omfattar mellom anna fastlegeordninga, legevakt, fysioterapi, rehabilitering, ergoterapi, psykisk helseteneste og anna medisinsk oppfølging i kommunehelsetenesta. Utgiftsnivået må sjåast i samanheng med kommunen si storleik og organisering. Som liten distriktskommune må Hyllestad oppretthalde eit forsvarleg tenestetilbod og nødvendig fagkompetanse uavhengig av folketalet. Faste kostnader til legekontor, legevaktordningar, fysioterapi, rehabilitering og andre helsetenester vert difor fordelte på relativt få innbyggjarar.

Særleg innan allmennlegetenesta gir dette utslag. Kommunen har to fast tilsette legar med samla liste-kapasitet på 1 725 plassar. Isolert sett kunne innbyggjartalet tilseie behov for færre legeårsverk, men kommunen må oppretthalde tilstrekkeleg kapasitet for å ivareta lovpålagde oppgåver, mellom anna øyeblikkeleg hjelp på dagtid, ferieavvikling og beredskap.

Kommunen har samtidig prioritert å oppretthalde stabile og tilgjengelege helsetenester. Dei siste åra har legedekninga vore stabil, ventetida på legetime har vore kort, og kommunen har hatt fast lege knytt til både institusjon og helsestasjon. I tillegg har kommunen gode rehabiliteringstenester og eit tett samarbeid mellom lege, fysioterapi, psykisk helse og omsorgstenestene. Dette legg til rette for tidleg innsats og kan bidra til å redusere behovet for meir omfattande helse- og omsorgstenester seinare.

Ved vurdering av KOSTRA-tala må det òg takast omsyn til at utgifter til kommunale akutte døgnplassar (KAD) tidlegare har vore førte på funksjon 241 i staden for funksjon 256. Dette har gitt eit høgare kostnadsnivå på funksjon 241 enn det som faktisk gjeld for ordinære kommunehelsetenester. Feilføringa er retta opp frå 2026, og framtidige KOSTRA-tal vil difor gi eit meir korrekt bilete av ressursbruken på området.

Administrasjonen si vurdering er at dei relativt høge utgiftene på funksjon 241 i stor grad kan forklarast av kommunen si storleik, lovpålagde krav til tenestetilbodet og ei bevisst prioritering av stabile og tilgjengelege

helsetenester for innbyggjarane. Samstundes vil kommunen framleis arbeide med å styrkje samarbeid og ressursutnytting for å møte framtidige utfordringar innan økonomi, rekruttering og demografisk utvikling.

Helsestasjons- og skulehelseteneste (funksjon 232)

KOSTRA-tala viser at Hyllestad i 2025 hadde netto driftsutgifter på 795 kroner per innbyggjar i alderen 0-20 år innan førebyggjande helsestasjons- og skulehelseteneste, mot 680 kroner i kommunegruppe 14. Etter fleire år med utgifter under eller på nivå med samanlikningsgruppa, ser vi frå 2025 ein tydeleg auke i kommunen si prioritering av området.

Den viktigaste forklaringa på utviklinga er ei målretta satsing på tidleg innsats og førebyggjande arbeid for barn, unge og familiar. I 2025 vart det tilsett ein ny helsesjukepleiar med delt stilling mellom oppvekst, psykisk helse og helsestasjon/skulehelsetenesta for å styrkje det tverrfaglege arbeidet. Dette er i tråd med kommuneplanen sitt mål om å styrkje tidleg innsats gjennom tett samarbeid mellom sektorane.

Gjennom perioden er det etablert fleire nye tiltak og funksjonar, mellom anna barnekoordinator, ungdomshelseteneste og utvida lågterskeltilbod i skulen. Helsestasjonen har også styrkt arbeidet med foreldrestøtte, psykisk helse i barseltida og tverrfagleg samarbeid med barnehage, skule, psykisk helse- og rustenesta og barnevernet. Auka kapasitet har gitt rom for fleire konsultasjonar og tettare oppfølging innan tema som kosthald, søvn og psykisk helse.

Det høgare kostnadsnivået må også sjåast i samanheng med kommunen si storleik. Som liten kommune må Hyllestad oppretthalde lovpålagde tenester som helsestasjon, skulehelseteneste og jordmorteneste uavhengig av talet på barn og unge. Faste kostnader til grunnbemanning, lokale og faglege system vert fordelte på relativt få barn og unge, noko som gir høgare utgifter per innbyggjar enn i større kommunar.

Administrasjonen vurderer at kostnadsnivået på funksjon 232 i hovudsak reflekterer både kommunen sine strukturelle føresetnader og ei bevisst prioritering av førebyggjande arbeid. Innsatsen er venta å bidra til tidleg identifisering av utfordringar og redusert behov for meir omfattande tiltak seinare i oppvekstløpet.

Anna førebyggjande helsearbeid (funksjon 233)

KOSTRA-tala viser at Hyllestad har hatt ein klar auke i netto driftsutgifter til anna førebyggjande helsearbeid dei siste åra, og ligg i 2025 over gjennomsnittet for kommunegruppe 14.

Funksjonen omfattar kommunen sitt breie folkehelsearbeid, mellom anna kommuneoverlegefunksjon, smittevern og beredskap, psykososialt kriseteam, miljøretta helsevern, kjøp av folkehelsetenester, aktivitetstilbod innan psykisk helse og rus, samt ulike folkehelse- og frisklivstiltak.

Utgiftsnivået må mellom anna sjåast i samanheng med at fleire av desse tenestene er baserte på faste kostnader som i liten grad varierer med folketalet. For små kommunar vil utgifter til kommuneoverlege, beredskap, smittevern og interkommunale samarbeidsordningar difor gi høgare kostnader per innbyggjar enn i større kommunar.

I tillegg har kommunen dei siste åra hatt auka fokus på folkehelse og førebygging. Gjennom eksterne prosjektmidlar er det mellom anna etablert aktivitetstilbodet «Livsglede for alle» i regi av psykisk helse- og ruste-

nesta. Tilbodet legg vekt på fysisk aktivitet, meistring og sosial deltaking, og er utvikla i samarbeid med fysioterapeut og andre fagmiljø.

Administrasjonen vurderer at satsinga på førebyggjande helsearbeid er viktig for å møte framtidige utfordringar knytt til psykisk helse, sosial deltaking og ei aldrande befolkning. Eit styrkt førebyggjande arbeid kan over tid bidra til redusert behov for meir omfattande helse- og omsorgstenester.

Råd, veiledning og sosialt førebyggande arbeid (242), arbeidsretta tiltak (273)

KOSTRA-tala viser at Hyllestad har høgare netto driftsutgifter til sosialtenester enn kommunegruppe 14. Dette gjeld særleg innan råd og rettleiing, arbeidsretta tiltak og økonomisk sosialhjelp. Utviklinga må sjåast i samanheng med kommunen sitt arbeid med busetjing og integrering av flyktningar, samt eit medvite fokus på tett individuell oppfølging og overgang til arbeid og utdanning.

Høge kostnader innan råd- og rettleiingstenester og arbeidsretta tiltak reflekterer i stor grad ein aktiv strategi for å førebygge utanforskap og redusere behovet for langvarige stønader. Samstundes viser KOSTRA-tala at kommunen framleis har utfordringar knytte til økonomisk sosialhjelp, både når det gjeld utgiftsnivå og andel mottakarar som har sosialhjelp som hovudinntektskjelde.

Erfaringane frå 2026 viser likevel at målretta samarbeid mellom NAV, Flyktningtenesta, arbeidsgjevarar og andre kommunale tenester gir resultat. Fleire flyktningar har kome over i arbeid, og kommunen har sett ein positiv utvikling i form av reduserte utgifter til sosialhjelp. Vidare arbeid med kvalifisering, arbeidstrening og tett oppfølging vil vere sentralt for å styrkje inkludering, eigenforsørging og berekraft i tenestene framover.

Vurdering

Samla sett vurderer administrasjonen at kommunen har stabile og velfungerande helsetenester med god legedekning, styrkt satsing på førebyggjande arbeid og eit godt samarbeid med andre kommunar og fagmiljø. Gjennom målretta innsats innan helsestasjon, psykisk helse og rus og tverrfagleg samarbeid har kommunen styrkt arbeidet med tidleg innsats og folkehelse dei siste åra.

Samstundes er tenestene framleis sårbare som følgje av liten organisasjon, avgrensa fagmiljø og aukande krav til kompetanse og kapasitet. Rekruttering, demografiske endringar og strammare økonomiske rammer vil vere sentrale utfordringar i planperioden. Interkommunalt samarbeid, kompetanseutvikling og effektiv ressursutnytting vil vere avgjerande for å oppretthalde kvalitet og berekraft i tenestene framover.

Omsorgstenestene

Eining omsorg omfattar institusjon, heimeteneste, miljøteneste, forpleining, reinhaldsteneste, vaskeri, kommunalt disponerte bustader, legevaktsatellitt og andre støttetenester som er nødvendige for å levere forsvarlege helse- og omsorgstenester.

Tenestene har ei sentral rolle i å sikre tryggleik, meistring og livskvalitet for innbyggjarane, og står overfor omfattande omstillingsbehov i åra som kjem. Eit aukande tal eldre, fleire brukarar med samansette behov og

utfordringar knytt til rekruttering og kompetanse krev at tenestene utviklar nye arbeidsformer og nyttar ressursane på ein mest mogleg målretta måte.

Omsorg

Ansvarsområdet omfattar legevaktsatellitt, institusjonsbygg, kommunalt disponerte bustader, reinhaldstenester og vaskeri. Bygg og bustader som er tilpassa brukarane sine behov, saman med velfungerande støttefunksjonar, er grunnleggjande føresetnader for gode tenester.

Reinhaldstenesta har ansvar for reinhald av institusjonslokale, kommunale bustader og praktisk bistand. God reinhaldsstandard er viktig for smittevern, arbeidsmiljø og kvaliteten på tenestene.

Vaskeritenesta har det siste året vore gjennom ei omstilling der stillingsressursen er redusert frå 100 til 60 prosent. Det blir arbeidd med ny organisering og oppgåvefordeling for å sikre drifta og samtidig oppretthalde nødvendig kvalitet og leveringskapasitet.

Institusjon

Institusjonen omfattar åtte plassar ved skjerma eining for personar med demenssjukdom, sju langtidsplassar og mellom tre og sju korttidsplassar. Pasientane har gjennomgåande meir samansette behov enn tidlegare, noko som stiller høgare krav til kompetanse, bemanning og tverrfagleg samarbeid.

Kommunen opplever eit aukande behov for både demensomsorg og medisinsk oppfølging av eldre med komplekse sjukdomsbilete. Samstundes skal institusjonen ta imot pasientar tidlegare etter sjukehusopphald enn før. Dette krev god kapasitet og evne til å tilby medisinsk behandling, rehabilitering og observasjon i kommunen.

KOSTRA-tal viser at Hyllestad har høgare netto driftsutgifter til institusjonstenester og institusjonslokale enn samanliknbare kommunar. Dette må sjåast i samanheng med at kommunen driv eit lite institusjonstilbod der grunnbemanning, kompetansekrav og beredskap må oppretthaldast uavhengig av talet på bebuarar. Små endringar i brukargrunnlaget kan derfor gi store utslag i nøkkeltala frå år til år.

Samtidig viser tala at utgiftene per bebuardøgn ligg under nivået i KOSTRA-gruppe 14. Dette indikerer god kapasitetsutnytting og effektiv drift innanfor eksisterande struktur. Pasientane har gjennomgåande meir samansette behov enn tidlegare, og institusjonen tek i aukande grad hand om pasientar som tidlegare ville fått lengre opphald i spesialisthelsetenesta. Utviklinga stiller høge krav til kompetanse, tverrfagleg samarbeid og fleksibel ressursbruk.

Forpleining

Kjøkkenet produserer mat til bebuarar ved institusjonen og brukarar av heimetenestene. Ernæring er ein viktig del av helsehjelpa og har stor betydning for helse, funksjonsnivå og livskvalitet.

Kjøkkenet har lokal matproduksjon, der måltida blir laga frå råvare til ferdig produkt. Dette gir god kontroll med kvalitet, næringsinnhald og tilpassing til individuelle behov. Nærleiken til dei øvrige omsorgstenestene legg til rette for tett samarbeid og stor grad av fleksibilitet. Endringar i kostbehov, matlyst eller helsetilstand kan fangast opp raskt, og måltida kan tilpassast den enkelte brukaren utan lange beslutnings- eller leverings-

linjer. Dette styrkjer samhandlinga mellom tenestene og bidreg til at ernæringsbehov blir møtt på ein trygg og individuelt tilpassa måte.

I planperioden vil kjøkkenet halde fram arbeidet med ernæringsfokus, lokal matproduksjon og god ressursutnytting.

Heimetenesta

Heimetenesta skal leggje til rette for at innbyggjarane kan bu trygt og sjølvstendig i eigen heim så lenge som mogleg. Tenesta omfattar mellom anna heimesjukepleie og praktisk bistand til innbyggjarar med behov for helse- og omsorgstenester.

Utviklinga dei siste åra viser både vekst i talet på brukarar og auka kompleksitet i behova til dei som mottek tenester. Fleire innbyggjarar med omfattande hjelpebehov bur heime lenger enn tidlegare, noko som er i tråd med nasjonale føringar og innbyggjarane sine eigne ønskje. Dette stiller auka krav til fagkompetanse, koordinering og fleksibilitet i tenestene.

KOSTRA-tal viser at utgiftene til heimetenester ligg over nivået i KOSTRA-gruppe 14. Samanlikninga må vurderast i lys av at ressursbruk i små kommunar kan bli påverka av endringar i brukargrunnlaget og førekomsten av enkeltbrukarar med omfattande hjelpebehov. For Hyllestad kjem dette i tillegg til utfordringar knytte til spreidd busetnad, store avstandar og behovet for å oppretthalde tilstrekkeleg kompetanse og beredskap gjennom heile døgnet.

For å møte framtidige utfordringar vil førebygging, kvardagsmeistring og tverrfagleg samarbeid vere sentrale verkemiddel. Samstundes må kommunen vurdere auka bruk av velferdsteknologi for å styrkje den enkelte si evne til å meistre eigen kvardag, betre kvaliteten i tenestene og bidra til ei berekraftig utnytting av dei samla ressursane. Tilgang på rett kompetanse til rett tid vil vere avgjerande for å møte aukande behov innanfor dei økonomiske rammene kommunen rår over.

Miljøtenesta

Miljøtenesta gir tenester til personar med nedsett funksjonsevne og andre med behov for tilrettelagd oppfølging. Målet er å bidra til meistring, deltaking og størst mogleg grad av sjølvstende i kvardagen.

Det har den siste tida vore ein auke i omfanget av tenestene, noko som har gjort det nødvendig å styrkje bemanninga gjennom auka årsverksressursar. Då tenesta er relativt lita, kan endringar i brukargruppa få store konsekvensar for ressursbehov, kompetansekrav og organisering av tilbodet.

Avlastningstilbodet er ei særleg utfordring, då dagens bygningsmessige løysing ikkje er dimensjonert for den bemanninga og det brukaromfanget tenesta i periodar har behov for. Dersom behovet for avlasting aukar vidare i planperioden, kan det bli nødvendig å vurdere både organisering og lokale for å sikre eit forsvarleg og framtidsretta tenestetilbod.

Ein ser at behovet for tenester innan miljøtenesta kan auke ytterlegare dei neste åra. Dette stiller krav til langsiktig planlegging, kompetanseutvikling, tilstrekkeleg bemanning og tilgang til eigna bustader. Det er viktig å utvikle ei robust og fleksibel teneste som kan tilpassast endra behov hos brukarane.

Satsingsområde(r)

Satsingsområde 2027–2030

Førebygging og tidleg innsats (jf. Kommuneplanen sin samfunnsdel 2026-2030)

Psykisk helse, meistring og inkludering (jf. Kommuneplanen sin samfunnsdel 2026-2030)

Framtidsretta helse- og omsorgstenester

Berekraftig ressursstyring

Kompetanseutvikling og rekruttering (jf. Kommuneplanen sin samfunnsdel 2026-2030)

Digitalisering og velferdsteknologi (jf. Kommuneplanen sin samfunnsdel 2026-2030)

Mål, strategiar og tiltak

Satsingsområde	Tidleg innsats og førebygging
Mål:	Styrkje førebyggande arbeid for barn, unge og familiar, og bidra til god fysisk og psykisk helse gjennom heile livsløpet.
Strategiar:	Prioritere tidleg innsats og tverrfagleg samarbeid. Vidareutvikle lågterskeltilbod for barn, unge og familiar. Styrkje oppfølging av psykisk helse og meistring.
Tiltak:	Vidareføre barnekoordinatorfunksjonen og Ungdomshelsetenesta. Ytterlegare styrke samarbeidet mellom helsestasjon, oppvekst, psykisk helse og barnevern. Vidareutvikle lågterskeltilbod i skule og barnehage. Auke fokus på foreldrestøtte og psykisk helse i barseltida. Vidareføre tiltak som fremjar søvn, kosthald og psykisk helse blant barn og unge. Vidareføre ICDP- foreldreveiledningsprogram (eksterne middlar)

Satsingsområde	Psykisk helse, meistring og inkludering
Mål:	Førebyggje utanforskap og styrkje deltaking, meistring og livskvalitet.
Strategiar:	Utvikle lågterskeltilbod som fremjar aktivitet og fellesskap. Styrkje arbeidet med psykisk helse på tvers av tenestene. Fremje deltaking i arbeid, aktivitet og sosiale fellesskap.
Tiltak:	Vidareføre og utvikle «Livsglede for alle» (eksterne middlar) Styrkje samarbeidet mellom psykisk helse- og rustenesta, heimetenestene og oppvekstsektoren. Leggje til rette for møteplassar og aktivitetstilbod i samarbeid med frivillige lag og organisasjonar. Ha særleg merksemd på einsamheit og psykisk helse blant barn, unge og eldre.

Satsingsområde	Framtidsretta omsorgstenester
Mål:	Sikre at innbyggjarane får heilskaplege, trygge og framtidsretta helse- og omsorgstenester som svarar på demografiske endringar og meir samansette behov.
Strategiar:	Leggje til rette for at fleire kan bu heime lenger. Styrkje rehabilitering, førebygging og eigenmeistring. Ta i bruk velferdsteknologi og nye arbeidsformer.
Tiltak:	Vidareutvikle heimebaserte tenester og kvardagsrehabilitering. Auke bruk av velferdsteknologiske løysingar der dette kan styrkje kvalitet, tryggleik og meistring. Sikre tilstrekkeleg kapasitet innan institusjons- og heimetenester i takt med endra behov.

	Styrkje samhandlinga mellom tenesteområda for å sikre heilskaplege pasientforløp. Bustadprosjekt (eksterne middlar)

Satsingsområde	Berekraftige ressursbruk
Mål:	Sikre forsvarlege tenester innanfor tilgjengelege økonomiske og personalmessige rammer.
Strategiar:	Prioritere lovpålagde og førebyggande tenester. Styrkje ressursstyring og god prioritering.
Tiltak:	Arbeide systematisk med tenesteutvikling og kontinuerleg forbetring. Revidere tenestestandard. Vurdere tenestestruktur og ressursfordeling i lys av framtidige behov. Styrkje arbeidet med nærvær, arbeidsmiljø og redusert sjukefråvær. Vidareutvikle interkommunalt samarbeid der dette kan gi fagleg og økonomisk gevinst (eksterne midlar)

Satsingsområde	Rekruttering og kompetanse
Mål:	Sikre rett kompetanse til rett tid i alle delar av helse- og omsorgstenesta.
Strategiar:	Leggje til rette for fagleg utvikling og kompetanseheving. Utnytte kompetansen på tvers av tenestene.
Tiltak:	Følgje opp kompetanseplanen og prioritere målretta kompetanseutvikling. Prioritere relevant vidareutdanning og fagutvikling der det er nødvendig (eksterne midlar). Vidareføre samarbeid med nabokommunar om kompetanse og rettleiing. Styrkje tverrfagleg samarbeid og kompetansedeling på tvers av tenestene. Arbeide aktivt med rekruttering og stabilisering av personell.

Satsingsområde	Digitalisering og velferdsteknologi
Mål:	Utnytte digitale løysingar, kunstig intelligens og velferdsteknologi for å styrkje kvaliteten i tenestene, auke meistring og tryggleik for brukarane og bidra til meir effektiv ressursutnytting.
Strategiar:	Ta i bruk nye arbeidsformer og teknologi. Innføre og vidareutvikle velferdsteknologiske løysingar som støttar brukarar i å meistre eigen kvardag. Styrkje digital kompetanse blant tilsette. Leggje til rette for betre digital samhandling internt i kommunen og med eksterne samarbeidspartnarar. Vurdere bruk av kunstig intelligens som støtte i administrative oppgåver og kvalitetsarbeid.
Tiltak:	Ta i bruk digitale verktøy som kan bistå i dokumentarbeid, oppsummeringar, informasjonsinnhenting og andre administrative rutineoppgåver. Innføre digital lagerstyring og betre system for bestilling og oversikt over forbruksmateriell. Vurdere bruk av elektroniske arbeidslister og digitale samhandlingsløysingar. Auke bruk av velferdsteknologi som digitale tryggleiksalarmar, elektronisk medisinstøtte og andre meistrings- og tryggleiksskapande løysingar. Gi opplæring og rettleiing til tilsette for å sikre god utnytting av digitale verktøy. Kartleggje nye område der kunstig intelligens og automatisering kan frigjere tid til pasient- og brukararbeid.

Konsekvensar dersom tiltak ikkje vert gjennomførte:

Dersom ein ikkje lukkast med førebygging, utvikling av tenestene, rekruttering og kompetansebygging, kan det føre til auka press på institusjonsplassar, større behov for omfattande omsorgstenester, høgare kostnader til barnevern og sosiale ytingar, samt redusert evne til å møte framtidige behov innan helse og omsorg.

Linda Dalsøren Meier

Kommunalsjef helse og omsorg

Visjon og verdiar

Sektor for Samfunnsutvikling og teknisk drift har ingen eigen visjon eller verdiar.

Men vi er opptekne av samfunnsoppdraget vårt.

Sektor for samfunnsutvikling og teknisk drift skal vere påliteleg, framtidsretta, open og løysingsorientert. Gjennom fagleg styrke, godt samarbeid og ansvarleg forvaltning skal vi byggje eit attraktivt, trygt og berekraftig Hyllestad.

Styrkar og utfordringar

Hyllestad kommune har fleire styrkar som legg til rette for vidare utvikling:

Sterke næringar innan havbruk, maritim industri og mekanisk verksemd gir aktivitet, arbeidsplassar og verdiskaping.

Kommunen har store natur- og landskapskvalitetar og er ein del av UNESCO Global Geopark, noko som styrkjer attraktiviteten for busetnad, reiseliv og næringsutvikling.

Teknisk infrastruktur og kommunale tenester vert i hovudsak leverte med tilfredsstillande kvalitet trass i små fagmiljø.

Kommunen har korte beslutningsliner og nær kontakt mellom administrasjon, innbyggjarar og næringsliv.

Det er høg lokal kjennskap og evne til å finne praktiske løysingar på tvers av fagområde.

Dei største utfordringane er

Demografi

Den største langsiktige utfordringa er folketalsutviklinga. Folketalet har over tid gått ned, samstundes som delen eldre aukar og delen yrkesaktive vert redusert. Dette påverkar både skatteinntekter, arbeidsmarknad og behovet for kommunale tenester.

Dette verkar inn på:

Færre innbyggarar skal finansiere kommunal infrastruktur.

Rekrutteringsgrunnlaget vert mindre.

Lågare etterspurnad etter bustadar og byggjeaktivitet i delar av kommunen.

Infrastruktur

Kommunen har tre bygdesenter, og ingen teittstad. Det er kommunale VA-anlegg i Leirvik, Hyllestad, Sørbøvåg og Eidsnes. Kommunesenteret (med skule, barnehage, kommunehus, brannstasjon/DV-base, fleirbrukshall og idrettsanlegg ligg på Hyllestad, omsorgssenteret i kommunen ligg på Sørbøvåg, mens hovudtyngda av innbyggarane bur i Leirvik. Store avstandar gjer at kostnadar knytt til kommunale vegar, vatn- og avløpsanlegg, kommunale bygg og beredskap vert høge per innbyggar.

Risikofaktorar

Rekruttering og kompetanse

Små fagmiljø gjer at sjukefråvær, turnover eller pensjonsavgang raskt kan få store konsekvensar. Samstundes aukar konkurransen om teknisk kompetanse frå privat sektor.

Klima og beredskap

Klimaendringar vil gje meir ekstremnedbør, større risiko for flaum og skred, auka belastning på VA-anlegg og vil stille høgare krav til samfunnstryggleik, drift og beredskap.

Utviklingsområde

Bustadutvikling

Bustadutvikling er eit av dei viktigaste verkemidla kommunen rår over for å møte folketalsutviklinga.

Sektor for samfunnsutvikling og teknisk drift må vere ein aktiv tilretteleggjar for:

Nye bustadfelt/opparbeide regulerte bustadfelt med teknisk infrastruktur

Forteitting i sentrumsområde og styrke Hyllestad som kommunesenter

Rask og føreseieleg byggesakshandsaming

Samarbeid med private utbyggjarar

Næringsutvikling

Vidare utvikling av industri, havbruk og maritime næringar vil vere avgjerande for folketalsutvikling og skatteinngang.

Samtidig må kommunen vere ein pådrivar for å legge til rette for nye næringar og bistå gründerar i oppstartsfasen.

Sektor for samfunnsutvikling og teknisk drift har ei nøkkelrolle gjennom arealforvaltning og infrastrukturutvikling.

Digitalisering og KI

Digitalisering vil bli eit av dei viktigast omstillingstiltaka, der auka bruk av digitale tenester og KI kan effektivisere drifta. Sektoren har allereie begynt å ta KI i bruk, og ein ser ein klar gevinst i å spare tid på sakshandsaming, spesielt innan byggesak. Målet er å frigjere tid og fagressursar til andre oppgåver.

Skildring av sektoren i dag

Sektor for samfunnsutvikling og teknisk drift står sentralt i kommunen sitt arbeid med å nå måla i kommuneplanen sin samfunnsdel, og effektuere arealstrategien i kommuneplanen sin arealdel.

Sektor for samfunnsutvikling og teknisk drift omfattar følgjande ansvarsområder:

Ansvar 600 - Plan og utvikling

Ansvar 620 - Drift og vedlikehald

Ansvar 621 - Reinhald

Ansvar 625 - Vatn og avløp

Ansvar 650 - Jordbruk

Ansvar 660 - Næring og utvikling

Ansvar 670 - Renovasjon

Kommunalsjef for samfunnsutvikling og teknisk drift Gaute Lundeland har overordna budsjett- og personalansvar for sektoren.

Landbrukssjef Johannes Folkestad har budsjett og personalansvar for teneste 650 - Jordbruk. Askvoll kommune er vertskommune for den interkommunale tenesta.

Drift- og vedlikehaldsleiar Simen Solheim har budsjett og personalansvar for teneste 620 - Drift og vedlikehald, 621 - Reinhald og 625 - Vatn og avløp.

Dei resterande einingane er direkte underlagt kommunalsjef.

Ansvar 600 - Plan og utvikling

I budsjett for 2027 er det lagt opp til følgjande organisering:

2 tilsette fordelt på 1,94 årsverk.

Kommunalsjef (94 %)

Arealplanleggar (100 %)

~~Fagleiar, byggesak og oppmåling (100 %)~~ – vert kutta

Avdelinga er ansvarleg for bygge- og delesaker, plansaker, kart- og oppmåling, forureiningssaker, eigedomsskatt og ajourhald og fakturering av kommunale gebyr.

KOSTRA-analyse:

KOSTRA-tala viser at Hyllestad kommune gjennomgåande ligg høgare enn KOSTRA-gruppe 14 innan plan- og byggesaksområdet, medan kostnadene til kart og oppmåling i 2025 er lågare enn KOSTRA-gruppe 14. For ein liten kommune som Hyllestad er dette ikkje uventa. Fagområda er personellintensive, og kostnadene vert fordelte på få innbyggjarar og relativt få saker.

KOSTRA-tala kan forklarast slik:

Kostnadane på plan har dei siste åra vore høge på grunn av arbeid med kommuneplanen sin arealdel (konsulentbistand) og lite private planframlegg. Private planframlegg gjev gebyrinntekter og høgare sjølvkostgrad.

Kostnadar knytt til byggesak har vore omtrent på KOSTRA-gruppe 14 siste to åra, dette fordi kommunen har hatt tilsett fagleiar byggesak og oppmåling i 2024 og 2025, som har handsama søknadar innan frist og henta inn gebyr (høg sjølvkostgrad).

Kostnadar knytt til kart og oppmåling har dei to siste åra vore på/under KOSTRA-gruppe 14. Dette grunna tilsett fagleiar byggesak og oppmåling, som har fått handsama saker innan frist og henta inn gebyr (høgare sjølvkostgrad).

Det er inngått avtale med Fjaler kommune om kjøp av oppmålingstenester. Kostnadar med ordninga dekkast av gebyrinntekter. Hyllestad kommune gjer matrikuleringa sjølve, og beheld derfor 20 % av gebyrinntektene til dette arbeidet.

I budsjett for 2027 er det lagt til grunn løns- og prisvekst.

I budsjett for 2027 er det gjort følgjande endringar i høve 2026:

Stillinga fagleiar byggesak og oppmåling er kutta, med ei årleg innsparing på 890 000 kr inkl. sosiale kostnadar.

Det er auka opp med 60 000 kr på avgifter, gebyr, lisens, for å dekke auka lisenskostnad for KOMTEK (overgang til sky-basert løysing ila 2027)

Lagt inn kostnadar med Geovekst (456 000 kr). Denne ligg i økonomiplanen og skal vere teke høgde for i budsjettramma.

Redusert inntekt byggesaksgebyr med 50 000 kr, jf. rekneskap for 2026

Redusert inntekt oppmålingsgebyr med 160 000 kr, jf. rekneskap for 2026 og ny avtale med Fjaler kommune

Satsingsområde, mål, strategiar og tiltak:

Satsingsområde 1	Digitalisering
Mål	Sikre effektiv sakshandsaming av bygge-, delings- og oppmålingssaker
Strategiar	Automatisere og standardisere arbeidsprosessar for å redusere tidsbruk per sak
Tiltak	Innføre digitale sjekklister og malar og gjennomgang av eksisterande malar/sjekklister. Fortsette på bruke Acos Eigedom (arbeidsflyt), og sjå etter forbetringar/effektivisering

Satsingsområde 2	Gode tenester og sjølvkost
Mål	Ha høg sjølvkostgrad innan byggesak, plan og kart/oppmåling
Strategiar	Tilpasse gebyr og tenesteproduksjon til reelle kostnadar Ha fokus på å halde lovpålagde tidsfristar innan sakshandsaming
Tiltak	Dagleg/vekentleg gjennomgang av restansar Årleg vurdering av gebyrregulativet Sikre korrekt fakturering av gebyrpliktige tenester

Ansvar 620 - Drift og vedlikehald

I budsjett for 2027 er det lagt opp til følgjande organisering:

7 tilsette fordelt på 4,98 årsverk.

Leiar Drift og vedlikehald (22,5 %)

Driftsoperatørar kommunal veg (5 % + 60 %)

Vaktmeister kommunale bygg (85 % + 40 % + 100 %)

Lærling, kommunal veg (100 %)

Prosjektleiar (5 %) - lønna 95 % på investeringsprosjekt

Taxisjåfør (80 %)


Avdelinga har ansvar for drift og vedlikehald av kommunen sine vegar og grøntanlegg, vaktmeistertenester på kommunale bygg, samt kommunale investeringsprosjekt. I tillegg ligg taxi-ordninga under Drift og vedlikehald.

KOSTRA-analyse:


Analysa tek kun for seg samferdsel (kommunal veg).

Samla sett viser tala eit bilete som er typisk for små distriktskommunar: Hyllestad har svært mykje veg per innbyggjar og må derfor bruke meir ressursar på vegdrift enn samanliknbare kommunar. Samstundes ser kostnadsnivået per kilometer veg ut til å vere lågare enn samanlikningsgruppa.

Arbeid med vegvedlikehald, som grøftereinsk, stikkrenner, slodding mm bind opp ressursar gjennom året. Klimaendringar med hyppigare ekstremnedbør bidreg til skade på vegar, grøfter og stikkrenner.



	2022	2023	2024	2025
Hyllestad	3 054	4 393	4 180	4 322
Kostragruppe 14	2 531	2 916	2 863	2 746



	2022	2023	2024	2025
Hyllestad	55,99	56,78	56,21	56,47
Kostragruppe 14	24,95	24,51	24,49	24,29

Samfunnsdelen peikar på at Hyllestad har eit spreidd vegnett som krev mykje vedlikehald, og at driftskostnadene per innbyggjar er høge. KOSTRA-tala stadfestar dette biletet. Samstundes viser dei at kommunen driv vegnettet effektivt målt per kilometer veg. Dette understrekar behovet for målretta vedlikehald, god ressursutnytting og langsiktig planlegging for å sikre ei trygg og framtidsretta infrastruktur.

Dei største utfordringane i planperioden er knytt til:

aldrande grøfte- og stikkrennesystem

klimaendringar og auka nedbørsmengder

behov for framtidig rekruttering og kompetansebygging

effektiv energistyring av kommunale bygg

oppretthalde attraktive uteområde innanfor avgrensa økonomiske rammer

Særleg innan vegsektoren er mange grøfter og stikkrenner etablerte etter eldre dimensjoneringskrav og ikkje tilpassa dagens nedbørsmønster. Klimaendringar med hyppigare og meir intense nedbørshendingar aukar risikoen for erosjon, overvassproblem og skadar på vegnettet. Førebyggjande vedlikehald og klimatilpassing vil derfor vere sentrale satsingsområde i planperioden.

Drift og vedlikehald har dei siste åra starta eit målretta arbeid med kompetansebygging gjennom lærling i vegvedlikehaldsfaget og har styrkt innsatsen innan grøntforvaltning, energioptimalisering og førebyggjande

vedlikehald. KOSTRA-tal viser vidare at Hyllestad kommune har lågare netto driftsutgifter til naturforvaltning og friluftsliv enn samanlikningskommunane i KOSTRA-gruppe 14. Samstundes ønskjer kommunen å styrke arbeidet med grøntanlegg, sentrumsnære uteområde og tiltak mot framande og uønska artar. For å sikre betre økonomistyring og meir korrekt rapportering er det oppretta eiga budsjettpost for grøntareal. Dette vil gi eit betre grunnlag for styring og samanlikning gjennom KOSTRA i åra framover.

I budsjett for 2027 er det lagt til grunn løns- og prisvekst.

Før budsjettarbeidet starta opp blei det bestemt at budsjettramme for løn til vaktmeistrar skulle tilbake til ansvar 620. Frå 2024 og fram til no har byggansvarlege hatt desse budsjettrammene.

Budsjettramma til ansvar 620 Drift og vedlikehald er derfor auka opp med 1 459 000 kr frå og med 2027.

I budsjett for 2027 er det gjort følgjande endringar i høve 2026:

Auka opp mindre summar på drivstoff, forsikring og årsavgift, og vedlikehald transportmiddel

Det er lagt inn ei auke på 80 000 kr til leasing av ny traktor med krattknusar

Det er lagt inn ei auke på 150 000 kr til vedlikehald av kommunale vegar

Det er lagt inn ei auke på 25 000 kr til vedlikehald av grøntareal

Det er lagt inn ei auke på 20 000 kr til vedlikehald av bygg/areal i Kvernsteinsparken

Satsingsområde, mål, strategiar og tiltak:

Satsingsområde 1	Effektiv vegdrift og ressursbruk
Mål	Redusere antal km kommunal veg
Strategiar	Omklassifisere kommunal veg til privat
Tiltak	Utarbeide kriterium og prinsipp for kva vegar som kan vurderast omklassifiserte (politisk vedtak) Gjennomføre ei systematisk kartlegging av alle kommunale vegar

Satsingsområde 2	Klimatilpassing
Mål	Redusere risiko for skadar på veg knytt til ekstremnedbør
Strategiar	Meir ressursbruk på drift og vedlikehald av kommunale vegar

Tiltak	Grøftereinsk, kantslått og sjekk/oppgradering av stikkrenner Anskaffe krattknusar Auke innsatsen innan reasfaltering og vegforsterking Vidareføre lærlingordning i vegvedlikehaldsfaget

Satsingsområde 3	Kommunale bygg
Mål	Sikre at kommunen disponerar gode, trygge og energieffektive bygg
Strategiar	Høgare fokus på vaktmeistertenester/drift- og vedlikehald av kommunale bygg
Tiltak	Gjennomgang av alle serviceavtalar, evt inngå nye avtalar Utføre arbeidsordrar i LAFT innan frist Sikre at alle kommunale bygg har naudsynte rutinar/sjekklister i LAFT

Ansvar 621 - Reinhald

I budsjett for 2027 er det lagt opp til følgjande organisering:

5 tilsette fordelt på 4,68 årsverk.

Reinhaldsleiar (100 %)

Reinhaldarar (100 % + 100 % + 100 % + 68 %)

Reinhaldstenesta har ansvar for reinhald av kommunen sine formålsbygg (unntatt Eiklund, som har eiga reinhaldsteneste) og er ein viktig del av arbeidet med godt inneklima, trivsel og verdibevaring av kommunale eigedomar. Reinhaldstenesta har ei viktig rolle utover sjølve reinhaldet. Gjennom dagleg tilsyn med bygga vert slitasje, avvik og mindre skadar oppdaga på eit tidleg tidspunkt. Dette bidreg til god ressursutnytting, verdibevaring av bygningsmassen og reinhaldsleiar har eit teitt samarbeid med byggansvarlege og vaktmeistertenesta.

Reinhaldstenesta skal bidra til gode og helsefremjande innemiljø i kommunale bygg. Gjennom systematisk reinhald og gode arbeidsrutinar skal tenesta støtte opp under kommunen sine mål om attraktive arbeidsplassar, gode tenester og berekraftig forvaltning av kommunale verdiar.

KOSTRA-analyse:

Det vert ikkje rapportert KOSTRA-tal for reinhald, så her er det ingen samanlikningsgrunnlag.

I budsjett for 2027 er det lagt til grunn løns- og prisvekst. Det er auka opp noko på reingjeringsmateriell der er ein ser budsjettet har vore for lågt for nokre tenester i 2026. Det er også auka opp noko på arbeidskle, for å følgje opp særavtale om arbeidskle til reinhaldarar. Elles er det lagt eit nøkternt budsjett, med utgangspunkt i budsjett for 2026.

Satsingsområde 1	Kvalitet, helse og verdibevaring
Mål	Sikre reine, hygieniske og trivelege kommunale bygg med effektiv bruk av ressursane
Strategiar	Arbeide systematisk med kvalitet, kompetanse og moderne reinhaldsmetodar for å sikre gode tenester.
Tiltak	Utarbeide reinhaldsplanar for alle kommunale bygg Gjennomføre faste brukardialogar med einingsleiarar og tilsette om reinhaldsnivå og behov Lage årlege kompetanseplanar for reinhaldarane Tilby kurs i moderne reinhaldsmetodar, smittevern og kjemikaliehandtering Legge til rette for fagbrev innan reinhaldsfaget Auke bruken av mikrofiber, miljømerkte produkt og metodar som reduserer kjemikalie- og vassforbruk

Ansvar 625 - Vatn og avløp

3 tilsette fordelt på 1,73 årsverk.

1 av desse er også tilsett på Ansvar 600 - Plan og utvikling og 1 er tilsett på Ansvar 620 - Drift og vedlikehald.

Kommunalsjef (5 %)

Leiar Drift og vedlikehald (67,5 %)

Driftsoperatør VA (100 %)

Avdelinga har ansvar for kontinuerleg tilsyn og vedlikehald av kommunen sine fire vassverk og avløpssystem, leidningsnett, pumpestasjonar, reinseanlegg mm.

Vatn- og avløpstenestene er ein del av kommunen si kritiske infrastruktur og skal sikre innbyggjarane trygt drikkevatn og forsvarleg handtering av avløpsvatn. Tenestene vert finansierte etter sjølvkostprinsippet og krev langsiktig planlegging, god drift og kontinuerleg vedlikehald.

KOSTRA-analyse:

KOSTRA-tala viser at Hyllestad kommune har høgare kostnadar enn KOSTRA-gruppe 14 for vassektoren, mens ein har lågare kostnadar enn KOSTRA-gruppe 14 for avløpssektoren.


KOSTRA-tala viser at ein lågare del av innbyggjarane i Hyllestad er tilknytt kommunal vassforsyning samanlikna med kommunane i KOSTRA-gruppe 14. Samstundes har kommunen fleire mindre vassforsyningsanlegg som skal driftast og vedlikehaldast. Dette medfører høgare produksjonskostnader per innbyggjar enn i samanlikningskommunane.

KOSTRA-tala kan forklarast slik:


Hyllestad kommune ligg under KOSTRA-gruppe 14 for distribusjon av vatn, då det er gjort få investeringar/utbetringar på leidningsnettet dei siste 4 åra. Hovudplan VA legg opp til fornying av leidningsnett i tida framover.

Hyllestad kommune ligg over KOSTRA-gruppe 14 for produksjon av vatn. Dette kan forklarast med store driftsutfordringar med vassverket på Tveit, der det er 32 bar trykk inn på anlegget frå røyrgata til kraftverket. Dette slit på reduksjonsventilar og rør, og har medført kostbare reparasjonar. I tillegg har det vore utfordingar med sandfiltera på anlegget, som har sprukke. Eit anna moment er få abonnentar å dele kostnadane på.

Hyllestad kommune ligg under KOSTRA-gruppe 14 for avløpssektoren. Dette kan forklarast med at kommunen har enkle velfungerande avløpsanlegg som er rimelege i drift. Kommunen har ingen reinseanlegg, men ordinære slamavskiljarar. Det kan også nemnast at det har vore lite utskifting av leidningsnett dei siste 5 åra.



	2022	2023	2024	2025
Hyllestad	1 830	1 971	1 510	1 825
Kostragruppe 14	841	902	852	980



	2022	2023	2024	2025
Hyllestad	581	843	531	443
Kostragruppe 14	1 098	1 154	1 008	1 124

Kommunen har dei siste åra arbeidd målretta med overvaking, lekkasjesøking og drift av anlegga. Dette har gitt gode resultat gjennom redusert lekkasjemengd på om lag 5 m³ per time, samstundes som kvaliteten på drikkevatnet er styrkt og prøvetakingsrutinane er vidareutvikla og kvalitetssikra.

Det er også investert i nytt toppsystem (SCADA-system) for overvaking og styring av vassverka. Dette gir betre tilgang til driftsdata, meir effektiv oppfølging av avvik og eit vesentleg betre grunnlag for rapportering og internkontroll.

Kommunen har vidare utarbeidd ein ny prøvetakingsplan som sikrar god overvaking av vasskvaliteten.

I tråd med kommuneplanen sitt mål nr 5 om trygg og framtidsretta infrastruktur og tilhøyrande tenester skal vatn- og avløpssektoren i budsjettåret prioritere tiltak som styrkar forsyningstryggleik, beredskap og robustheit i vassforsyninga. Eit sentralt satsingsområde er overgang frå opne drikkevasskjelder til meir robuste løysingar baserte på lausmassar og borehol. Dette vil redusere sårbarheita for forureining, styrke beredskapen og gjere vassforsyninga betre rusta til å møte framtidige klima- og miljøutfordringar. Samstundes vil kommunen arbeide målretta med lekkasjereduksjon, digital overvaking, prøvetaking og langsiktig fornying av kritisk infrastruktur for å sikre stabile og trygge tenester til innbyggjarane.

Det vert også jobba med å auke beredskapen og sikre trygt og godt drikkevatn til kommunen sine innbyggarar framover, ved å etablere ei ny vaktordning for driftsoperatørane i DV, der Drift- og vedlikehald også har vakt på VA-anlegga på helg og heilagdagar. Målet er å få effektuert dette frå og med 01.01.2027. Det er teke høgde for kostnadar knytt til ny vaktordning i budsjett for 2027.

Dei største utfordringane i planperioden er knytt til

aldrande leidningsnett og tekniske installasjonar

framtidige investeringsbehov innan vatn og avløp

krav til beredskap og forsyningstryggleik

klimaendringar og auka nedbørsmengder

rekruttering og oppretthalding av nødvendig VA-kompetanse

strengare krav til dokumentasjon, internkontroll og drikkevasskvalitet

Satsingsområde, mål, strategiar og tiltak:

Satsingsområde	Trygg og framtidsretta drikkevassforsyning
Mål	Sikre stabil levering av trygt drikkevatn Redusere sårbarheita i kommunen sine vassforsyningssystem
Strategiar	Langsiktig utvikling av nye og meir robuste drikkevasskjelder Høgt fokus på internkontroll
Tiltak	Følgje tiltaksplan i Hovudplan VA Gå vekk frå opne drikkevasskjelder og over på lukka grunnvasskjelder Utføre arbeidsordrar/rutinar i LAFT innan frist Gjennomgang av alle rutinar og sjekklister i LAFT

Satsingsområde	Robust avløpssektor
Mål	Sikre stabil og forskriftsmessig handtering av avløpsvatn
Strategiar	Systematisk vedlikehald og fornying av kritiske komponentar Høgt fokus på internkontroll
Tiltak	Følgje tiltaksplan i Hovudplan VA Utføre arbeidsordrar/rutinar i LAFT innan frist

	Kartlegge framtidig fornyingsbehov i avløpsnettet Prioritere utskifting av kritiske komponentar

I budsjett for 2027 er det lagt til grunn gjennomgang med Momentum og påfølgjande budsjettnotat.

I budsjettet for vatn er det lagt til grunn totale driftsinntekter (gebyrinntekter) på 6 008 629 kr.

Vidare er det lagt til grunn direkte driftsutgifter på 2 717 233 kr.

Momentum har lagt til grunn direkte kapitalkostnadar på 2 542 504 kr.


Dette vil sei at vi endar opp med ein gevinst på 748 892 kr, som skal dekke inn tidlegare års underskot i sjølvkostfondet.

Underskotet skal etter planen vere henta inn igjen i løpet av 2029.

Det er lagt opp til ei moderat auke i gebyr for vatn fram mot 2031, mens det vil bli ei meir markant auke i avløpsgebyret fram mot 2031. Feiegebyret vil bli redusert frå og med 2027 og fram til 2029, då det vil stige igjen.

Auken kjem hovudsakleg av kapitalkostnadar til dei planlagde investeringane innan VA-sektoren, bl.a. med ny grunnvassforsyning i Bøfjorden og på Hyllestad.

Det er også ein auke i løn og sosiale utgifter, som følgje av ny vaktordning i DV, som er teke høgde for i budsjett.



Gebyrendring frå året før	2027	2028	2029	2030	2031
Vatn	0,0 %	0,0 %	1,0 %	2,4 %	4,4 %
Avløp	8,0 %	8,1 %	8,0 %	10,4 %	7,0 %
Feiing	-50,1 %	-0,4 %	0,4 %	48,9 %	96,4 %
Samla endring	0,4 %	2,0 %	2,8 %	5,1 %	6,9 %

Ansvar 650 - Jordbruk

Interkommunal teneste saman med Askvoll og Fjaler kommune.

Kostnadsfordeling: 40% Fjaler/Askvoll og 20% Hyllestad.

5 tilsette fordelt på 5 årsverk.

Landbrukssjef


Rådgjevarar landbruk og skog

Avdelinga har ansvar for forvaltning av statlege midlar over jordbruksavtalen, sakshandsaming og oppgåver knytt til lovsaker, sakshandsaming opp mot IBU-systemet, teknisk planlegging i landbruket/ajourhald av gardskart, sakshandsaming og andre oppgåver innan jordbruk, skogbruk og viltforvaltning, miljøforvaltning og vassforvaltning, veterinærtenestene.

KOSTRA-analyse:

KOSTRA-tala viser at Hyllestad kommune har relativt stabile netto driftsutgifter til landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutvikling, men at kommunen dei siste åra har gått frå å liggje over gjennomsnittet i KOSTRA-gruppa til å liggje tydeleg under samanlikningsgruppa. Samstundes aukar utgiftene i 2025, noko som kan forklarast med auka kostnadar knytt til veterinærtenestene.

I budsjett for 2027 er det lagt til grunn løns- og prisvekst. Budsjettet frå 2026 er vidareført utan nokon andre justeringar.



	2022	2023	2024	2025
Hyllestad	744	790	774	929
Kostragruppe 14	694	819	919	1 013

Ansvar 660 - Næring og utvikling

1 tilsett fordelt på 1 årsverk.

Næring- og samfunnsutviklar (100 %)

Avdelinga har ansvar for førstelineteneste innan næringsutvikling og etablering, sakshandsaming av nærings-søknadar til Hyllestadfondet, omstillings- og tiltaksmidlar, konsesjonsfondet, sakshandsaming og sekretær for HNR, prosjektleiing/deltaking, overordna planlegging (kommuneplanen sin samfunnsdel).

KOSTRA-analyse:

KOSTRA-tala syner at Hyllestad kommune har lege høgt over KOSTRA-gruppe 14 i perioden 2022-2024, men at ein ligg under i 2025. Tal for 2025 må vere ein feil, truleg på grunn av pågåande arbeid med prosjektet Hyllestad vekst.


Hyllestad kommune har i ei årrekke gjeve tilskot til destinasjonsselskapet Visit Fjordkysten og Sunnfjord (222 101 kr i 2026), som marknadsfører Hyllestad kommune og regionen.

Hyllestad kommune har også gjeve tilskot til Fjordkysten Regional- og Geopark (252 099 kr i 2026), som er eit medlemsstyrt lag som arbeider for å ta vare på, formidle og utvikle natur- og kulturarven i regionen.

Hyllestad kommune har også gjeve tilskot til Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane (388 029 kr i 2026).

Totale kostnadar med tilskot utgjer 862 229 kr i 2026.

Dette kan vere hovudgrunnen til at Hyllestad kommune ligg så mykje over KOSTRA-gruppe 14.



	2022	2023	2024	2025
Hyllestad	3 534	1 875	1 687	-475
Kostragruppe 14	1 281	983	-22	568

I budsjett for 2027 er det lagt til grunn løns- og prisvekst. Det er redusert kostnadar til kurs og opplæring (35 000 kr), då næring- og samfunnsutviklar har fullført SAMPLAN-kurset.

Visit Fjordkysten og Sunnfjord har informert kommunen om at tilskot kan redusert til 144 555 kr per år etter ny modell, og at dei ynskjer at kommunen bind seg til 3 år. Denne summen er lagt til grunn i budsjett for 2027. Tilskot til MISF og Geoparken er vidareført slik dei var i 2026, men lagt til kommunal deflator (prisvekst).

Satsingsområde 1	Næringsutvikling og verdiskaping
Mål	Legge til rette for vekst i eksisterande næringsliv og etablering av nye arbeidsplassar i Hyllestad Sikre gode tenester og verkemiddel for næringslivet
Strategiar	Vere ein aktiv samarbeidspartnar for næringslivet Leggje til rette for samarbeid og utvikling på tvers av næringar Gjere det enklare å etablere, utvikle og drive verksemd i Hyllestad Synleggjere og ta i bruk tilgjengelege støtteordningar og verkemiddel
Tiltak	Vere referent i HNR-styret og reiselivsgruppa Følgje opp aktivitetar og tiltak i årsplanen til HNR Bidra til samarbeid mellom næringsliv, reiselivsaktørar og kommunen Delta på møteplassar og arenaer for næringsutvikling og verdiskaping. Yte førstelinjerettleiing til etablerarar og eksisterande verksemder Følgje opp Vestland fylkeskommune si satsing på Nærnett Forvalte og informere om moglegheiter gjennom Hyllestadfondet for Næring Rettleie søkjarar i bruk av kommunale, regionale og nasjonale verkemiddel

Satsingsområde 2	Kommuneplanen sin samfunnsdel
Mål	Sikre god gjennomføring av kommuneplanen sin samfunnsdel
Strategiar	Omsetje mål og satsingar i samfunnsdelen til konkrete utviklingsprosjekt. Styrkje samarbeid med regionale og lokale utviklingsaktørar.

Tiltak	Følgje opp bustadprosjektet Bygg og bu i Hyllestad som del av Distriktssatsinga i Vest fram til 2030 Revidere Felles verdiskapingsplan mellom HNR og Hyllestad kommune i tråd med prioriteringane i samfunnsdelen Delta i samarbeid med Askvoll og andre relevante aktørar om transport og kartlegging av kollektivtilbodet i regionen

Ansvar 670 - Renovasjon

1 tilsett fordelt på 0,25 årsverk.

Driftsoperatør miljøstasjon (25 %)

Avdelinga har ansvar for drift av miljøstasjon i Staurdalen. Hyllestad kommune mottek refusjon frå Sunnfjord Miljøverk IKS for dette, som dekkar kostnadane.

KOSTRA-analyse:

Renovasjonstenesta i Hyllestad kommune vert utført av Sunnfjord Miljøverk IKS, som har einerett på innsamling, gjenvinning og sluttbehandling av hushaldningsavfall.

Innrapporterte tal er gjort av Sunnfjord Miljøverk IKS, og tala representera kostnadar Sunnfjord Miljøverk IKS har for Hyllestad kommune.

Tala syner at kostnadar (per innbyggar) med renovasjonstenesta er under KOSTRA-gruppe 14.

Hyllestad kommune og Sunnfjord Miljøverk IKS har inngått ein driftsavtale, der kommunen skal stille med 1 driftsoperatør kvar onsdag ved miljøstasjonen i Staurdalen (ca 25 % stilling). Sunnfjord Miljøverk IKS dekkar kostnadane med dette.

I budsjett for 2027 er det lagt til grunn løns- og prisvekst. Det er lagt inn ein buffer på 16 000 kr til å dekke evt vikarbruk, om driftsoperatør er vekke. Elles er budsjett frå 2026 vidareført til 2027 utan endringar.

Satsingsområde 1	Tilgjengelege og brukarvenlege renovasjonstenester
Mål	Sikre eit velfungerande, trygt og brukarvenleg renovasjonstilbod for innbyggarane i Hyllestad
Strategiar	Samarbeide teitt med Sunnfjord Miljøverk IKS og sørgje for effektiv drift av miljøstasjonen i Staurdalen.
Tiltak	Sikre stabil bemanning og forsvarleg drift ved miljøstasjonen Følgje opp avvik, innspel og brukarrespons frå innbyggarane

	Bidra til god informasjon om opningstider, sorteringsordningar og tenester Gjennomføre årlege møter med SUM IKS om drift, kvalitet og forbetrings-behov

Gaute Lundeland

Kommunalsjef - Samfunnsutvikling og teknisk drift

VEDLEGG

VEDLEGG 1 - GEBYRLISTE

Kommunehuset

6957 HYLLESTAD

www.hyllestad.kommune.no

Oktober 2026